# Jølster kontrollutval

***SEKOM-sekretariat***
*www.sekom.no | post@sekom.no*

# Møteinnkalling

**Møtedato:** 07.12.2015
**Møtestad:** Jølster kommunehus, møterom 1
**Møtetid:** Kl. 09:30

**Innkalling:** Faste medlemar i utvalet, revisor i sak 030/15.

Dersom du ikkje kan møte:
Meld frå på e-post arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme tlf: 57 61 27 85 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

**Sakliste**

| **Sak nr.** | **Sakstittel** |
|---|---|
| 028/15 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 029/15 | Skriv og meldingar 4-2015 |
| 030/15 | Opplæring av nytt kontrollutval |
| 031/15 | Møteplan 2016 for Jølster kontrollutval |
| 032/15 | Oppfølgingsliste 4-2015 |
| 033/15 | Eventuelt |

Med helsing

Torbjørg Grimsbø Eskeland
Leiar

*SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Jølster kontrollutval | 07.12.2015 | 028/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Audhild Ragni Vie Alme | FE- | 15/513 |

## Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedlegg:**
Ingen vedlegg i saka.

**Tilråding:**
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Jølster kontrollutval | 07.12.2015 | 029/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Audhild Ragni Vie Alme | FE-033 | 15/511 |

## Skriv og meldingar 4-2015

### Vedlegg:

| **Nr** | **Dok.dato** | **Tittel** | **Dok.ID** |
|---|---|---|---|
| 1 | 25.11.2015 | KST-062/15 Tertialrapport 2-2015, handsama 29.9.2015 | 15/1792 |
| 2 | 25.11.2015 | KST-081/15 Val av kontrollutval, handsama 20.10.2015 | 15/1793 |
| 3 | 25.11.2015 | KST-087/15 Retting av feil, val av kontrollutval, UPU og OKH, handsama 3.11.2015 | 15/1794 |

### Tilråding:
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Jølster kommune
6843 Skei i Jølster
tlf. 57 72 61 00
postmottak@jolster.kommune.no

# Saksutgreiing

**SAKSGANG**

| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Formannskapet | 15.09.2015 | 049/15 |
| Kommunestyret | 29.09.2015 | 062/15 |
| Formannskapet | 29.09.2015 | 058/15 |

| Sakshandsamar: | Arkiv: | Arkivsaknr |
|---|---|---|
| Børge Tvedt | FE-210 | 15/638 |

## Tertialrapport 2 - 2015

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Tertialrapport 2 - 2015 vert teken til vitande.

**Handsaming i Formannskapet 15.09.2015:**
Saka vert utsett.

**FSK-049/15 Vedtak:**

Saka vert utsett

**Handsaming i Formannskapet 29.09.2015:**
Formannskapet drøfta saka

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FSK-058/15 Vedtak:**

Tertialrapport 2 - 2015 vert teken til vitande.

**Handsaming i Kommunestyret 29.09.2015:**
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KST-062/15 Vedtak:**

Tertialrapport 2 - 2015 vert teken til vitande.

---

**Saksutgreiing:**
Tertialrapporten er rådmannen sin rapport til kommunestyret om status i drifta i rekneskapsåret. Rapporten omhandlar økonomi og status i høve målsettingar i verksemdsplan. Innleiingsvis kjem tabell med oppsummering av prognose for kvar eining. Leiargruppa rapporterer status på «10 på topp», før meir detaljert rapport frå kvar eining følgjer.

Prognosen er rekna ut frå rekneskapstal pr. 25.08.15. Tala er vurdert ut frå revidert budsjett, jamfør KST sak 027/15 og 041/15. Prognosen viser eit rekneskapsmessig overforbruk på 2 mill. kr. Drifta i tenesteeiningane har ei prognose på overforbruk på 1,4. mill. kr. Det er likevel god budsjettdisiplin i einingane. KS sine berekningar på skatteinntekt tilseier at avviket i høve statsbudsjettet vert noko mindre enn ved førre tertialrapport. Samla prognose for redusert inntekt i høve revidert budsjett på ansvar 900 er på 600.000,-. Det er usikkerheit knytt til innsparing som følgje av tilsettingsstopp og innkjøpsstopp.

# HOVUDOVERSYN REKNESKAP OG PROGNOSE

| Ansvar | Ansvar | Rekneskap pr aug | Budsjett pr aug | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| 120 | Sentraladministrasjon | 11 386 440 | 10 215 708 | 500 000 |
| 130 | Kyrkja | 1 197 500 | 1 586 667 | 0 |
| 200 | Oppvekst og kultur felles | 8 010 017 | 9 875 333 | 0 |
| 210 | Skei skule | 11 285 325 | 11 445 810 | 0 |
| 211 | Vassenden skule | 18 105 686 | 18 535 353 | 316 000 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 250 | Kulturskulen | 686 779 | 685 492 | 0 |
| 270 | Skei barnehage | 3 521 421 | 2 884 571 | 0 |
| 271 | Langhaugane barnehage | 6 601 810 | 6 283 712 | 0 |
| 300 | Helse og sosial felles | 732 698 | 1 189 736 | 0 |
| 312 | Helsestasjon | 1 295 141 | 1 539 905 | 0 |
| 313 | Fysioterapi | 885 489 | 782 169 | 0 |
| 320 | Legetenesta | 3 337 384 | 2 794 006 | 0 |
| 340 | Psykisk helsevern | 3 392 827 | 3 475 234 | 0 |
| 350 | NAV sosialtenesta | 10 547 307 | 6 588 595 | 0 |
| 351 | Flyktningbusetjing | -728 702 | -764 358 | 0 |
| 371 | Heimetenesta Skei | 4 048 930 | 4 608 335 | 0 |
| 372 | Skei bufellesskap | 11 671 322 | 12 442 383 | 0 |
| 373 | Heimly bufellesskap | 6 483 774 | 4 967 260 | -140 000 |
| 381 | Heimetenesta Vassenden | 3 739 200 | 3 910 486 | 0 |
| 382 | Vassenden busenter | 9 421 529 | 8 832 395 | 0 |
| 400 | Plan, næring, drift felles | 107 083 | 0 | 0 |
| 510 | Biblioteket | 544 328 | 762 309 | 0 |
| 610 | Plan og bygg | 1 974 229 | 1 614 989 | 110 000 |
| 620 | Drift/komtek avigftsområda | 134 714 | -50 824 | 0 |
| 621 | Drift og kommunalteknikk | 7 791 311 | 7 283 293 | 605 000 |
| 650 | Næring og miljø | 1 578 448 | 1 625 694 | 0 |
| 900 | Finansielle føremål | -124 517 525 | -126 145 967 | 600 000 |
| | Samla prognose | | | 1 991 000 |

# 10 PÅ TOPP 2015

| Punkt 10 på topp | Tiltak og framdrift | Status 08.09.15 |
|---|---|---|
| **Helse – og omsorgstenester**<br>Vi skal følgje opp samhandlingsreforma ved å ta del i interkommunalt samarbeid om kartlegging og vurdering av tenestetilbodet.<br>Vi skal følgje opp interkommunalt samarbeid i høve øyeblikkeleg hjelp døgn.<br>Vi skal fullføre utbygging ved Skei omsorgssenter.<br>Vi skal starte ombygging ved Vassenden bufellesskap.<br>Vi skal starte utbygging ved Heimly<br>Vi skal avklare fullføre | • Følgje opp utbygging Skei omsorgssenter<br>• Gjere vedtak og lyse ut anbod for ombygging til omsorgsbustader Vassenden<br>• Gjennomføre utbygging ved Heimly<br>• Gjennomføre personalprosess og innplassering i nye stillingar for tilsette som får endra stilling som følgje av ny organisering<br>____________________<br>• Følgje opp vedteke | • Jølster kommune overtok ombygd og utvida Skei omsorgssenter frå entreprenør i veke 36.<br>• Anbod for ombygging til omsorgsbustader Vassenden er lyst ut. Sak om endeleg finansiering til FSK 15.09.15<br>• Utbygging Heimly. Oppstart mars, ferdigstilling november.<br>• Personalprosess:<br>  ○ Tilsette er plassert i nye stillingar<br>  ○ Flytting frå Vassenden til Skei |

| | | |
|---|---|---|
| personalprosess som følgje av ombygging, teneste-endring og omorganisering.<br>_________________________<br>**Folkehelse**<br>Vi skal integrere folkehelsearbeidet i den kommunale drifta. | folkehelseplan<br>• Utarbeide helseoversikt i samsvar med krav<br>• Gjennomføre faste møte i folkehelseråd og folkehelseteam | frå oktober 2015.<br>○ Det vil vere behov for ekstraressursar under flyttinga.<br><br>• Interkommunalt samarbeid om utarbeiding av helseoversikt |
| **Skulane i Jølster**<br>Vi skal avklare bruk av grunneigedom og bygg til skuleføremål, idrett og friluftsliv ved Vassenden skule og tidlegare Mo- og Jølster Vidaregåande skule. | • Prosjekt 1. Avklare korleis undervisning skal organiserast og lokalisertast. Kommunestyrebehandling i april 2015.<br>• Prosjekt 2. Avklare rehabiliterings- og ombyggingsbehov, samt bruk av grunneigedom til skule-, idretts og friluftslivsføremål. | • Prosjektrapport på høyring til 29.05.15.<br>• Handsaming i OKH 11.06.15<br>• Handsaming i KST 16.06.15<br>• Prosjektdirektiv for vidare framdrift i høve KST vedtak 051/15.<br>• Anbod og kontrahering i høve utgreiingar hausten 2015 |
| **Fornyingsarbeid.**<br>Vi skal arbeide aktivt med fornyingsarbeid med særleg fokus på:<br>• Innkjøp – e-handel<br>• Kommunikasjonsstrategi<br>• Digitalt arkiv<br>• Velferdsteknologi<br>• Telemedisin | • Fortsatt fokus på nettside og sosiale media. Hovudfokus innhald<br>• Ny nettside 10.02.15<br>• Deltaking i interkommunalt prosjekt om e-handel<br>• Vedta kommunikasjonsstrategi<br>• Fullføre digitalt arkiv<br>• Nytte telemedisin føremålstenleg og ta i bruk velferdsteknologi | • Ny nettside på plass. Kontinuerlig arbeid med innhald<br>• Kommunikasjonsstrategi vedteke i kommunestyret 28.04.15<br>• Arbeid med overgang til digital arkiv pågår<br>• Kommunikasjonsutstyr i høve elektronisk samhandling på plass på legekontor<br>• Jølster kommune pilot i prosjekt velferdseknologi |
| **Fiberutbygging**<br>Vi skal sette i verk utbygging i sentrale delar av kommunen.<br>Vi skal legge til rette for utbygging i grendene og samarbeid med grendelag om utbygging. | • Fullføre vedteke utbygging Vassenden og omegn<br>• Vurdere nye område for utbygging med søknad til post- og teletilsynet.<br>• Møte med aktuelle grendelag 09.01.15 | • Utbygging Vassenden går som planlagt<br>○ Vassenden og Gjesdalen levert før jul 2015<br>○ Ålhus feb/mars 16<br>○ Svidal m Hamar mars/april 16<br>○ Sanddal april 16<br><br>• Søkt om tilskotsmidlar til utbygging Stardalen, Førs, |

| | | |
|---|---|---|
| | | Klakegg, samt eige prosjekt for Sunde sendt |
| **Overordna ROS-analyse og beredskapsarbeid**<br>Vi skal utarbeide sektor-ROS for Jølster kommune og oppdatere beredskapsplan for Jølster kommune. | • Implementere overordna ROS-analyse i kommunen<br>• Utarbeide sektor-ROS på aktuelle område<br>• Oppdatere beredskapsplan på grunnlag av overordna- og sektor-ROS | • Beredskapsplan oppdatert<br>• Tilsyn frå Fylkesmannen og DSB på kommunal beredskapsplikt og brann |
| **Sunnfjord Næringspark – Moskog**<br>Vi skal starte vidare planlegging og gjere vedtak om organisering av utbygging og utvikling.<br>Vi skal gjennomføre grunnerverv for å realisere Sunnfjord næringspark | • Forprosjekt for utbygging og kostnadsoverslag klart januar<br>• Møte grunneigarar mars | • Anbod for VA og utbygging K1, med opsjon gjennomført<br>• Kontrakt for prosjekterting tildelt. Ny prosjektgruppe etablert<br>• Fortsatt arbeid i høve grunnerverv |
| **Reduksjon av driftsnivået i Jølster kommune.**<br>Vi skal finne tiltak for å redusere drifsnivå frå 2014-nivå med:<br>Kr. 3. mill. i 2015<br>Kr. 6 mill. i 2017<br>Kr. 7 mill. i 2018<br>Reduksjon av driftsnivå skal omfatte gjennomgang av inntekter og utgifter i drift og investeringsnivå. | • Følgje opp prosjektdirektiv | • Vert arbeid med i samband med økonomiplan 2016 - 2019 |
| **Arbeidsgjevarstrategi**<br>Vi skal utarbeide arbeidsgjevarstrategi for Jølster kommune | • Utarbeide kompetanseplan<br>• Oppdatere regelverk for tilsetting og permisjon<br>• Følgje opp medarbeidarundersøking utført haust 2014 | • Arbeidsgjevarstrategi under arbeid. Drøfting i med tillitsvalde og tenesteleiarar før sommaren. Politisk handsaming hausten 2015<br>• Kompetanseplan hausten 2015<br>• Oppfølging av medarbeidarsøking med leiarar og i den einskilde eining |
| **Kommunereform**<br>Vi skal gjennomføre vedteke utgreiing for kommunereform i SiS. | • Gjennomføre utgreiing i samsvar med mandat vedteke 30.09.14.<br>• Felles | • Utgreiingsarbeid i samsvar med vedteken framdriftsplan<br>• Intensjonsavtaler vedteke i |

| | | |
|---|---|---|
| | formannskapsmøte 23.01.15<br>• Vedtak utgreiingsprogram 03.02.15<br>• Utgreiing og intensjonavtalar våren 2015 | KST juni 2015<br>• Lokal prosjektgruppe vedteke<br>• Forhandlingsutval for Jølster kommune vedteke<br>• Innbyggarundersøking, informasjonsfolder til innbyggarar og folkemøte hausten 2015<br>• Felles formannskapsmøte i månadsskifte okt/nov |
| **Astrup** | • Delta i planlegging av internasjonal lansering av Astrup i regi av Sparebankstiftinga DNB NOR/Dextra Atres | • Møte med sparebankstiftinga 19.01.15 og 18.05.15<br>• Styringsmøte med Sparebankstiftinga DNB 06.10.15<br>• Kartlegging av flora i tunet våren og sommaren 2015 i regi av Sparebankstiftinga DNB NOR<br>• Mindre vedlikehald av hagen som følgje kartlegging |

# 120: SENTRALADMINISTRASJON

(jf verksemdplan)

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Støtte til alle delar av kommunen sin organisasjon | Sikre ei god handsaming av tilsette i Jølster kommune.<br>Utarbeide ny arbeidsgjevarstrategi for Jølster kommune.<br><br>Gjennomgang av rutinar og regelverk.<br>Utarbeide kompetanseplanar.<br>Følgje opp medarbeidarundersøking.<br><br>Bidra til god informasjonsflyt bade internt og eksternt i tråd med ny | Arbeidsgjevarstrategi er i produksjon, og skal handsamast av kommunestyret november.<br>Resultat av medarbeidarundersøking er presentert for tenesteleiarar.<br>Kontinuerlig arbeid med leiarutvikling.<br>Ny mal for utviklingssamtale er klar.<br><br>Kommunikasjonsstrategi vedtatt i april. Kontinuerlig arbeid med kommunikasjon. |

| | | |
|---|---|---|
| | kommunikasjonsstrategi.<br><br>Sikre funksjonelle IKT system.<br>Gjennomgang av rutinar for informasjonssikkerhet.<br>Sikker post og arkivhandtering i tråd med arkivplan. Nytte fullelektronisk arkiv i løp av 2015. | Ein del utfordringar er avdekka.<br><br>Arkivskap flytta til brannsikre rom. Opprydding i arkiv er i gong. |
| Sikker rekneskaps-informasjon<br>til rett tid | Levere rekneskap (også for kyrkjeleg fellesråd) ved årsslutt til rett tid og etter lover og reglar.<br>Innkrevjing av kommunale krav. Målet er å vere ajour – følgje opp alle restansar til ei kvar tid.<br>Lønsutbetalingar til rett tid. | Rekneskap for kommune og kyrkje er levert.<br><br>Gjennom SYSIKT vert det arbeidd med innkjøp av nytt økonomi, løn og personalsystem. Anbod haust 2015. |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 500.000,- | Periodisering knytt til «*internsal*» og «*avgifter,gebyr og lisensar*» utgjer omlag 400 000 kroner. Desse vil balansere ved årsslutt. Auka innbetalingar til «*Pensjonsinnskot KLP*» utgjere om lag 100 000 kroner. «*Kjøp av interkommunale tenester*» har i dag eit overforbruk på om lag 400 000 kroner. |

# 200: OPPVEKST OG KULTUR

(jf verksemdplan)

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| 1. Innan barnehage, skule og kultur skal ein gje tilbod om tenester med høg kvalitet.<br><br>Ein jobbar heilskapleg med mål<br>om å ha:<br>• Barn og unge i sentrum<br>• Den gode vaksenrolla<br>• Godt samarbeid | Barnehage<br>Modellkommuneprosjektet. Arbeide vidare med prosjektet for å implementere det i barnehagekvardagen.<br><br>Gjennomføre felles plandag for alle barnehagane. | Styrargruppa har set på dagsorden å organisere modellkommuneprosjektet på eit overordna nivå for å implementere prosjektet på tvers av barnehagane.<br><br>Det vert gjennomført felles plandag for barnehagesektoren og SFO i september. Tema for samlinga er barns |

| | | |
|---|---|---|
| 2. Barn og unge skal ha gode læringsmiljø som fremjar trivsel, utvikling og læring.<br><br>3. Jølster kommune skal ha faglege resultat i skule som er betre enn fylke og landsgjennomsnittet.<br><br>4. Barn og unge skal i oppveksten<br>i Jølster få kjennskap til eiga bygd, delta i ulike kulturaktivitetar og oppleve utfordringar og meistring. | | språkutvikling og språk-stimulering, og kulturelt mangfold i barnehagen. |
| | Skule<br>Deltaking i ungdomssteg i utvikling som er ei nasjonal satsing frå 2013-2017. Vidare satsing på skulane etter at kompetansehevinga er gjennomført.<br>Satsingsområde vert lesing og skriving.<br><br>Gjennomgang av organisering av spesialundervisning i skulen. Sett ned ei prosjektgruppe som skal arbeide med dette.<br><br>Ombygging og rehabilitering av Vassenden skule og tidlegare Mo og Vassenden vgs, avd Vassenden, og organisering av skulen.<br><br>Gjennomføre ståstadsanalyse<br><br>Kultur<br>Kulturminneplan<br>Iverksette arbeid med kulturminneplanen med Asrupfokus | Skulane fortsett arbeidet i ungdomssteg i utvikling, Skei har byrja med skriving og Vassenden held fram med lesing.<br><br>Prosjektgruppa har laga ein modell for utrekning av råmetimetalet der tilpassa opplæring er i fokus. Jølster kommune har hatt møte med PPT for å informere om prosjektet og vidare arbeid. Neste steg i prosessen er å lage ei handbok for lærarar og sluttføre prosessen rundt nye malar for spes.ped i kommunen.<br><br>Prosjektgruppa som var sett ned la fram rapport til utvalet i OKH og kommunestyret i juni 2015. Administrasjonen arbeidar vidare ut frå vedtaket som vart gjort i kommunesyremøtet.<br><br>Ståstadanalysen er ikkje gjennomført.<br><br>Arbeidet med kulturminneplan er ikkje byrja.<br>Det er set i gong eit prosjekt i regi av Sparebankstiftinga DNB for å kartleggje hagen i |

| | | |
|---|---|---|
| | Vegadresser | Astruptunet. Det er også set ned ei kommunal Astrupnemnd som skal arbeide vidare med Astrup. Mandatet er ikkje ferdigstilt.<br><br>Det er set ned ei vegadressenemnd som skal utarbeide forslag til namn på vegane i Jølster. Nemnda har hatt 2 møter dette året og er kome i gong med prosessen. |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 0 | Det er pr. i dag eit underforbruk i underkant av kr 1, 9 millionar. Dette skuldast i hovudsak at store utgifter kjem ut over hausten som betaling for PPT og utbetaling av styrking og spes. ped til barnehagesektoren. Oppvekst og kultur vil truleg gå i balanse. |

# 210: SKEI SKULE

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Vurdering | a)Korleis drive vurderingsarbeid for å heve elevane sin kompetanse i faga, med fokus på norsk, matematikk og engelsk.<br><br>b)Bli betre på undervegsvurdering, halvårsvurdering (IUP), vurdring med og utan karakterar.<br><br>c)Auke elevmedverknad i vurderingsarbeidet .<br>Styrke elevsamtalane.<br><br>d)Opplæring i Kartleggingsprogrammet VOKAL | a)Vi jobba med vurdering på fagutviklingsdagane 30.01. og 20.04. Skulane i Jølster skal ha felles fagdag 11.09. med vurdering som tema.<br><br>b) Vi jobba med elevmedverknad i vurderingsarbeidet på fagdagen 20.04. Jobbar vidare utover hausten.<br><br>c) Utfordringa er å få nok tid til gode samtaler med elevane ofte nok. Vi har fokus på dette.<br><br>d)Skulande i Jølster skal ha felles fagdag 11.09. med introduksjon av VOKAL som tema. |
| Tilpassa opplæring | a)Korleis drive tilpassa opplæring for å betre elevane sin | a)Vi har fokus på læringsstilar, lærings-strategiar, variert undervisning og |

| | | |
|---|---|---|
| | kompetanse i faga, med fokus på norsk, matematikk og engelsk.<br><br>Korleis følgje opp «gråsone»-elevar godt nok i klassen slik at dei ikkje blir § 5.1-elevar?<br><br>Utvikle «verktøykasse» til bruk i tilpassa undervisning.<br><br>b)Faglege samtalar, analyser og overføring av fagleg informasjon i personalet . | kreativ organisering i klasserommet for å nå alle elevane på sin ståstad.<br>Bli meir bevisste på å justere undervisninga dersom ein ikkje ser resultat og framgang i tilstrekkeleg grad.<br><br>b)Når tilsette har vore på kurs, vert det alltid sett av tid til overføring av ny lærdom til dei andre tilsette. Vi har også overføringsmøter etter kartleggingar og ved overgang til nytt steg, slik at alle på klasseteamet er oppdatert på utviklinga til kvar elev. Vi har i tillegg fagseksjonsmøter der ein kan drøfte faglege spørsmål. |
| Skulebasert kompetanse-utvikling | «Skriving i alle fag»<br><br>Nytt satsingsområde skuleåret 2015-2016.<br><br>Vi sende stegteamleiarane på introduksjonskurs våren 2015. Skal starte dette arbeidet på fagdagen 12. oktober. | Vi skal øve opp elevane i:<br>- Skrivestrategiar<br>- Oppsummering<br>- Samskriving<br>- Modellskriving (stillas, råme)<br>- Mål og formål med skrivinga<br>-Korleis kan skriving utvikle betre lesarar? |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 0 | Skulen har i dag eit mindreforbruk på kr 200 000,-. Nedanfor kjem ein oversikt over korleis forbruket har fordelt seg mellom grunnskule, skulelokale og SFO.<br><br>Grunnskule:<br>- 469 608 kr<br>Hovudårsaka til at det er eit underforbruk for grunnskule er at det er noko mindre lønnsutgifter enn budsjettert. I tillegg til dette er det noko mindreforbruk på driftspostane.<br><br>Skulelokale:<br>278 984 kr<br>Det er eit overforbruk innanfor skulelokale og dette skuldast i hovudsak at det er brukt meir straum enn det som er budsjettert.<br><br>Sfo:<br>- 15 870 kr<br>SFO er i balanse. Dei store variablane under dette området er løn og |

| | |
|---|---|
| | brukarbetaling. Det er noko mindre brukarbetaling på SFO enn budsjettert, samtidig er det mindre lønsutgifter som fører til balanse.<br><br>Konklusjon:<br>Skulen går i balanse. |

# 211: VASSENDEN SKULE

**Måloppnåing**
Merk: Skulen har utviklingsplan som følgjer skuleåret. Mykje er overlappande år for år, men einskilde ting kan vere ulikt frå skuleår til skuleår. I praksis vil skulen rapportere på delmål etter utviklingsplan for skuleåret 2014/2015 i vårsemester. For hausten følgjer skulen opp delmål etter utviklingsplan som gjeld for skuleåret 2015/2016. Dette forklarar kvifor einskilde delmål kan vere ulike i tertialrapporten.

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr. i dag |
|---|---|---|
| Organisasjon | • Innsparing skule, spes ped, ressurstildeling 2013-2018 (kommunalt)<br><br>• Ny skuleorganisering ved ev. bruk av MoJo<br>• Medarbeidar – trivsel<br>• Innføre Active Smarter Kids (ASK) 1.-10. kl.<br><br><br><br>• Tilsyn nasjonalt<br><br>• Delta i nettverk | • Skulen representert i kommunal gruppe (rektor, spes.ped.ansv) Prosjektgr er i arbeid. Mål om å legge fram framlegg til system- haust 2015.<br>• Avheng av prosess vidare jf. kommunestyrevedtak juni 2015<br>• Kontinuerlig (bl.a. IA, medråderett)<br>• Lagt inn i dagsstruktur, tilsette fått opplæring, foreldremøte avvikla. Utprøving, erfaring, evaluering undrevegs i satsinga.<br><br>• Tema i samarbeidsmøte skule, kommunalt nivå.<br>• Ressurslærar lesing u-steg, rektor. Oppretta PALS nettverk med Luster vår 15. |
| PALS- skulemiljø<br>- Ansvar, Omsorg, Respekt | • Skulemiljøarbeid<br><br>• Styrke individuelle støttesystem<br>• Mobbeførebyggande arbeid<br><br><br>• Kartlegging (I-PALS)<br><br>• Følgje opp område som er kartlagt i elev- og | • Kontinuerlig arbeid i PALS- team, leiargruppa og Skulemiljøutval.<br>• Organisert i timeplanar 15/16.<br>• Fokus ved oppstart skuleår, repetisjon Bry deg metoden, planlegg Snakk med meg metode. Årsplanar for arbeid.<br>• Ikkje starta opp enno. Heng saman med oppstart VOKAL.<br>• Utval av emne og område vi ser styrkingsbehov i. T.d. vil klasseleiing vere eit område vi skal bruke ekstra tid på i år. |

| | | |
|---|---|---|
| | personalgruppa 14/15.<br>• Sosialt samspel. | • Zippy metode. Delta på kurs ved innkalling. |
| Grunnleggande ferdigheiter i alle fag | • Lesing og skriving i alle fag<br><br>• Active Smarter Kids (ASK)<br>• Kartlegging<br><br><br>• Spes.ped.<br><br><br>• Vurdering<br>• Erfaringsdeling | • Kontinuerlig igjennom året. Sett av tid for pedagogar 15/16.<br>• Sjå ovanfor<br>• Bruk av IUP haust, opne for foreldre. Lærarane har tilgang til VOKAL. Planlegg opplæring.<br>• Starta opp med nytt årshjul ved skulestart. Nye malar under drøfting skulesamarbeidsmøte, kommunalt nivå.<br>• Tema på fagutviklingsdag sept, pedagogar.<br>• Oppretting av delingssystem under drøfting i leiargruppa ved skulestart. |
| Uteområde og friminutt | • Friminutt Aktiv<br>• Elevbedrift | • Vidareføring av innarbeidd system.<br>• Ikkje starta opp pr. aug15 |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 331 000 | Område 20200 Grunnskule<br>- Overforbruk KLP og SPK på 550 000 i høve budsjett (avrekning først ved rekneskap)<br>- Auke i utgifter assistent hausthalvår (1. kl, fr,språkl elev, spes ped vedtak). Redusert løn pedagogstillingar haust pga byte av personell. Høge vikarutgifter pga mange vikarar i langtidsvikariat (velferdspermisjon, svangerskap)<br>- Auke i refusjon fr. språklige elevar pga auke i tal elevar i 2015 (busette, asylsøkjarar)<br>- Innkjøp: Uføresette kostnader som er kome er knytt til byte av leverandør kopimaskin, lisensar Office pakke, kaffimaskin, vidareutdanning (kompetanse for kvalitet). Reduksjon i utgifter til kurs/konferanse, telefon |
| 53 000 | Område 21500 SFO<br>- Noko usikkert resultat pr. august. Får ikkje fullstendig oversikt over brukarbetaling før føringane i september. |
| -68 000 | Område 22200 Skulelokale (bygg):<br>- Langtidsvikar har lågare løn enn budsjettlønn. Dette utgjer mykje på lønskostnadene. Venta auke med 30% stilling frå okt-des pga bruk av gymsal MoJo.<br>- Ekstra utgifter til reinhaldsmateriell og utstyr til avdelingane på MoJo. |
| 316 000 | Vassenden skule 211:<br>Skulen har hatt særleg restriktiv økonomisk haldning i heile budsjettåret. Bakgrunnen for dette var at skulen allereie ved tildeling av budsjettråme for 2015 såg store utfordringar med å klare å dekke opp krav og behov som leiinga såg i klasse- og elevgruppa. Først i |

| | |
|---|---|
| | mai/juni vart det bl.a. avklart ressursbehov i ny 1. klasse og til nokre enkeltelevar sine rettar knytt til § 5.1. og § 2.8. |

# 250: KULTURSKULE

(jf verksemdplan)

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr. i dag |
|---|---|---|
| Utvikle kulturskulen som ressurssenter. | Ferdigstille handlingsplan.<br>Opprette foreldregruppe ved kulturskulen.<br>Utvikle tilbod for born under skulealder. | Avventar framleis nasjonal rammeplan. |
| Promotere kulturskule. | "Den plutselege scene", tilbod til ungdomsskuleelevar i Jølster som vil spele i band; samarbeid med Jølster bibliotek. | Nøkkelboks manglar framleis. |
| Auke (på Skei) og deretter stabilisere elevtalet. | Arrangement, konsertar, eigne rekrutteringskonsertar på skulane. Mål: 100 elevar. | Rekrutteringskonsert Skei gjennomført 11.05.15. |
| Kompetanseheving | Delta på aktuelle kurs, vidareutdanning. (120 studiepoeng, mastergrad i Kulturleiing, Norges Musikkhøgskole) | Studiet er stoppa på grunn av uavklarte problemstillingar, det vert delteke på studiet om det framleis fortsett. |
| Delta i samarbeidsprosjekt | Sitte i styringsgruppe for Den kulturelle skulesekken, UKM. | Aktiv |
| Ferdigstille Grushola som uteamfi | Finne nye pottar å søkje midlar frå. Etablere kontakt med landskapsarkitekt. | Grushola er i desse dagar igjen aktuell grunna planar om nytt Hugleikssonspel. |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 0 | Prognosane viser at budsjettet vil gå i balanse. |

# 270: SKEI BARNEHAGE

(jf verksemdplan)

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|

| | | |
|---|---|---|
| Barna skal stå i sentrum | 1. Barna skal føle seg trygg, få omsorg og ha vener.<br>2. Barna saman med dei vaksne skal lage nye prosedyrar i samarbeidet mellom avdelingane i inne- og uteleiken<br>3. Barna skal gje glede og gode augneblikk, ved Skei bufellesskap, ein gong pr. månad. | Observasjonar: I vår såg vi at barna likte seg. Nå held vi på med innkøyring av nye grupper. Det gir nye utfordringar som må følgjast opp.<br>2. Prosessen har starta.<br>3. Skei barnehage vil melde seg inn i Livsglede for eldre og bli ein Livsgledebarnehage og oppretthalde samarbeidet med sjukeheimen minst 1 gong pr. månad. |
| Den gode vaksenrolla | 1. Vaksne skal vere bevisste på korleis dei samhandlar med barn og vaksne.<br>2. Vaksne skal gje tryggleik, nærleik, støtte og hjelp.<br>3. Vaksne skal legge til rette for aktivitetar så barna får utfordringar og opplev meistring. | Personalet på avdelingane observerar kvarandre og snakkar om det som skjer på avdelingsmøta.<br>Oppfølgingssamtaler med nytilsette har ped.l og styrar.<br>Foreldresamtalar: Foreldra kjem med positive og konstruktive tilbakemeldingar.<br>«Tryggleikssirkelen» har vore tema på foreldremøte og planleggingsdag for personalet.<br>Intern evaluering av plandokument og gjennomførte aktivitetar.<br>Årshjulet for 2014 – 2015 er evaluert og ny plan kjem i september / oktober 2015 |
| Godt samarbeid | 1. Alle skal tørre å seie i frå, utrykke eigne ønskjer og gje tilbakemelding.<br>2. Personalet må lage nye planar for arbeidsfordeling.<br>3. Samarbeid med høgskulen i Forskingsprosjekt og som øvingsbarnehage. | 1. Alle må ta del i drøftingar og tilbakemeldingar på personalmøta.<br>Tenesteleiar har hatt utviklingssamtale med alle faste tilsette, har vore nyttig.<br>2. Det må gjerast nokre endringar i organisering og rutinar etter at barnehagen vart påbygd, det må vere meir samarbeid på tvers. Denne prosessen har byrja.<br>3.Skei barnehage er med i tre forskingsprosjekt på HiSF «Språkintervensjon i |

| | | |
|---|---|---|
| | | barnehagen» BRAVO materiellet – går mot slutten « Minoritetsspråklege barn i barnehagen.» Dialogisk lesing.<br>Nytt frå i haust PRESPAs fysisk aktivitet hjå førskulebarn. Føremål: Kartlegge fysisk aktivitetsnivå og fysisk aktiv leik hjå 3-5 år gamle barn i barnehagen. Innhente kunnskap om kva som fremjar fysisk aktivitet og fysisk aktiv leik i barnehagen.<br>Vi er øvingsbarnehage og har nokre på arbeidsutprøving. |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 0 | Det er pr. i dag eit overforbruk i overkant av kr 600 000,-. Dette skuldast i hovudsak at barnehagen ikkje har fått refundert søskenmoderasjon og styrking og spes.ped. I tillegg er det budsjettert med bruk av bundne fond som ikkje er overført til barnehage. Barnehagen vil truleg gå i balanse. |

# 271 LANGHAUGANE BARNEHAGE

(jf verksemdplan)

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Barnet i sentrum | • Halde fram med ny utfluktsplan, kjennskap til eiga bygd<br>• Arbeide vidare med mindre entreprenørskap | • Vi har bada på skei hotell, besøkt kommunehuset, vore i Fjordamattunet og er godt i gang med utfluktsplan. Vi har fått gjennomført Stølsturane i løpet av eit par aktive veker, rett før og etter ferien.<br>• Vi har gjennomført 5 rundar med mindre entreprenørskap, dette er eit ettertrakta tilbod til foreldre som kan kjøpe billig Thai-mat med seg heim. |

| | | |
|---|---|---|
| Godt samarbeid | • Arbeide med resultat frå medarbeidarundersøking<br>• Halde fram med godt samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane<br>• Samarbeid med dei andre barnehagane i kommune om nye rettleiingsgrupper i modellkommuneprosjektet | • Har fått svara etter medarbeidarundersøking, vi vart vurdert på 2 nivå slik at avdelingsleiarane fekk leiarevaluering. Vi fekk godt resultat på begge nivå, vi vert oppmoda om å gjere situasjonsanalyse i barnehagen etter undersøkinga og halde oppe det gode arbeidet<br>• Vi har studentar fast i barnehagen, alle øvingslærarane har sagt ja til å halde fram som øvingslærar frå hausten<br>• Vi har ikkje fått i gang rettleiingsgruppene |
| Den gode vaksenrolla | • Implementere modellkommuneprosjekt i heile organisasjonen<br>• Psykologisk førstehjelp, få dette verktøyet implementert i organisasjonen<br>• Intern kompetanseheving: «Egen ledelse i lek» | • Dette jobbar vi med i møte og plandagar. |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 0 | Det er pr. i dag eit overforbruk i overkant av kr 300 000,-. Frå hausten 2015 er det noko redusert barnetal i forhold til vår-halvåret og dette fører til mindre inntekter. På same tid har barnehagen redusert tal tilsette på bakgrunn av lågare barnetal. Det har også vore noko utskifting i personalgruppa som fører til reduserte lønnsutgifter. På bakgrunn av dette går truleg barnehagen i balanse. |

# 300: Helse og omsorg felles

(jf verksemdplan)

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Tilby innbyggjarane i Jølster kommune kvalitetsmessige gode teneste etter gjeldande lovverk, lokale vedtak og i tråd med LEON- | Sikre høg kvalitet i tenestetilbodet gjennom rett kompetanse på rett plass. | Kvalitet på tenestene, rett tilbod og rett kompetanse er kontinuerleg i fokus. Avviksrapportering pr. tertial som grunnlag for |

| | | |
|---|---|---|
| prinsippet - *lågaste effektive omsorgsnivå*. | Sikre at tenestene er i tråd med gjeldande lovverk og retningsliner.<br><br>Legge til rette for brukarmedverknad<br><br>Sikre gjennomføring av politiske strategiar og vedtak. | kvalitetsutvikling.<br><br>Gjeldande lovverk ligg til grunn for tenesteutvikling og ved tildeling av tenester.<br><br>Brukarmedverknad vert sikra gjennom Eldrerådet og Kommunalt råd for funksjonshemma. Brukarrepresentant i prosjekt.<br><br>Utbygging ved Skei omsorgssenter er i rute. Nybygget vart overtatt september 2015.<br><br>Ombygging ved Vassenden; anbodsutlysing og val av entreprenør er utført. Ny politisk handsaming september 2015.<br><br>Nye omsorgsbustadar ved Heimly bufellesskap; utbygginga er planlagt ferdig november 2015.<br><br>Flyktningbustadar; anbodsutlysing er gjort. Gjennomgang av tilboda. Husbanken har ikkje meir tilskotsmidlar i 2015. Ny søknadsfrist 1. april 2016. |
| Organisere tenestetilbodet slik at det sikrar effektivitet og eit sterkt fagmiljø.<br><br>Følgje opp «10 på topp» | Ha fokus på fag, kvalitet og kompetanse.<br><br>Utvikle gode interne prosessar som sikrar involvering og god utnytting av ressursane på tvers av einingar. | Er kontinuerleg i fokus. Pleie og omsorg deltek i KS effektiviseringsnettverk med føremål å ha god samanheng mellom ressursbruk og kvalitet.<br><br>Faste leiarmøter i sektoren. Informasjonsmøter ved behov. Personalmøter i einingane. Møter med arbeidstakarorganisasjonane. Tilsette er representerte i |

| | | |
|---|---|---|
| | Implementere samhandlingsreforma, med særskilt fokus på:<br>• Rehabilitering / kvardagsrehabilitering<br>• Folkehelse<br>• Bygge omsorgsbustadar, rehabiliteringseining, korttidsplassar | planprosessar.<br><br>Organisering helse og omsorg på leiarnivå er på plass. Omstillingsprosess i pleie og omsorg er starta. Innføring av kvardagsrehabilitering i heimetenesta er starta. Kommunen er ein av pilotkommunane knytt til innføring av velferdsteknologi i samarbeid med Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester og Vestlandsforsking.<br><br>Kommunen deltek i interkommunalt samarbeid knytt til samhandlingsreforma – KAD (kommunal akutt døgneining). |
| Jobbe fram eit arbeidsmiljø som fremjar rekruttering og at tilsette ønskjer å halde fram i tenesta. | Ha fokus på rekruttering og kompetanse.<br><br>Ha fokus på eit arbeidsmiljø som er prega av respekt for den einskilde.<br><br>Sikre generell oppfølging av tenesteiningane.<br><br>Rett person på rett plass | Kontinuerleg fokusområde. Utfordring i høve rekruttering av sjukepleiarar og vernepleiarar. Fått på plass rekrutteringstiltak.<br><br>Arbeidsmiljø er tema på personalmøter og i medarbeidarsamtalar. Tettare oppfølging dersom behov.<br><br>Samhandlingsmøter.<br><br>Gjennomført kartlegging i pleie og omsorg kvar personalet ønskjer å arbeide etter omorganisering. Utarbeiding av nye turnusar etter ny organisasjonsmodell er i gong. |
| Implementere i | Administrativ forankring | Samarbeid på tvers av |

| | | |
|---|---|---|
| organisasjonen ei felles haldning som sikrar god samhandling på tvers av einingar og sektorar, internt og eksternt, samt interkommunalt. | Tverrfaglege team<br><br>Tverrfaglege og tverrsektorielle prosjekt<br><br>Styrke kompetanse<br><br>Ta del i interkommunalt samarbeid | einingar og fagområde er i utvikling.<br><br>Koordinerande eining, vedtaksnemnd, BUP møte, demensteam.<br><br>Prosjekt integrering av flyktningar, med særskilt fokus på barna. Prosjektet har fått støtte frå Fylkesmannen til vidareføring.<br><br>Studiering «demensomsorgas ABC». Søkt kompetansemidlar i Kompetanseløftet 2015.<br><br>Deltek i fleire interkommunale samarbeid; fagnettverk, rus, legevakt, overgrepsmottak, krisesenter, senter mot incest, miljøretta helsevern, prosjekt lokalmedisinsk senter og legevaktsentral. |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 0 | Tertialrapport pr. 31.08.15 syner overskot, men overføringar og betaling for fellestenester og interkommunale samarbeid skjer seinare på året. |

# 312 Helsestasjon

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Vere ein sentral aktør i å sikre barn og unge best mogleg oppvekstvilkår. | Gje god svangerskapsomsorg.<br>Følgje opp helsestasjonsprogrammet for alle barn og unge.<br>Sikre barn og unge si | Oppnåast<br><br>Oppnåast<br><br><br>Undervegs |

| | | |
|---|---|---|
| | psykiske helse gjennom tidleg intervensjon.<br>Få status som ammekyndig helsestasjon.<br>Tidleg heimebesøk til alle nyfødde.<br>Oppfølging av overvekt. | Undervegs<br>Oppnåast |
| Sikre nødvendig helsehjelp til flyktningar og asylsøkjarar | Helsesamtale og helsestatus av alle nytilflytta asylsøkjarar.<br>Sikre eit tilpassa helsetilbod vidare.<br>Sikre at desse gruppene har kunnskap om eiga helse. | Oppnåast |
| Vere ein sentral aktør innan førebyggande arbeid for å fremje folkehelsa. | Vere ein ressurs i høve til rettleiing av barn og unge og også andre grupper | Ikkje nådd målet |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| - 262 000,- | Positivt avvik. Budsjettbalanse |

# 313 FYSIOTERAPI

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| 1.Utvikle tenesta i tråd med nasjonale føringar og lokale behov | 1.1.Vidareutvikle tenesta i tråd med kommunen si verdiplattform og vedtekne planer<br>1.2. Delta i etablering av rehabiliteringsavdeling<br>1.3 Delta i prosjektarbeid innan kvardagsrehabilitering, etablere tverrfagleg innsatsteam og folkehelse | Oppnåast<br>Undervegs<br>Ikkje nådd målet. Pågåande prosjekt innan kvardagsrehabilitering. |
| 2.Følgje kommunen sine budsjett og rammer for drift av tenesta. | 2.1.Finne rasjonelle driftsformer og tilbod som samstundes sikrar høg fagleg kvalitet.<br>2.2. Opprette gruppebaserte tilbod til prioriterte pasientgrupper. Vidareføre gruppetilbod innan reumatologi, nevrologi og | Oppnåast<br>Undervegs<br>Oppnåast |

| | | |
|---|---|---|
| | bassengtrening | |
| 3.Utvikle gode samarbeidsarenaer og rutinar med andre tenester internt og eksternt | 3.1.Synleggjere tenesta og vår kompetanse opp mot andre einingar i kommunen og mot statlege org./spesialisttenesta<br>3.2.Delta i Koordinerande Eining (KE) og med Individuell Plan<br>3.3.Vere deltakande i utarbeiding av koordinerte teneste til barn/unge. | Undervegs<br><br>Oppnåast. Fagleiar fysioterapi er leiar i KE<br><br>Oppnåast |
| 4. Sikre kompetanseutvikling i tråd med kommunen sine behov | 4.1.Sikre fagspesifikk kompetanse innafor geriatri og fysioterapi for barn og unge<br>4.2.Sikre tverrfagleg kompetanseutvikling i forhold til oppstart av rehabiliteringsavdeling. | Oppnåast |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 103 000,- | Negativt avvik skuldast at overføringar frå staten ikkje er ajourført. Budsjettbalanse |

# 320 Legetenesta

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Vidareføre det medisinske arbeidet på eit høgt kvalitativt nivå | Vere ein god og aktiv støttespelar for dei andre einingane i Jølster kommune<br><br>Halde budsjettråma | Målet vert oppnådd<br><br>Usikkert |
| Vere eit godt lågterskeltilbod for alle innbyggjarane i Jølster Kommune | Auke talet listepasientar ved Jølster legekontor | Usikkert |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 440 000,- | Negativt avvik skuldast føring av ein del utgifter i starten av året samt at overføringar frå andre einingar i kommunen ikkje er ajourført. Budsjettbalanse |

# 340: psykisk helsevern

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk med tilstrekkeleg kvalifiserte personalressursar | -Forsvarleg drift utifrå gjeldande lovar, krav og planverk.<br>-Vidareutvikla kvalitetssystem<br>-Konkrete vedtak, informasjon om teneste og omfang.<br>-Behalde kvalifisert personell og legge til rette for utdanning og internundervisning/rettleiing | Personalressursane er knappe sett opp mot auka etterspurnad av tenester.<br><br>Sjukepleiar manglar per no vidareutdanning i psykiatri.<br><br>Det er tilsett ny arbeidsleiar med vidareutdanning i psykiatri<br><br>Små endringar i kvalitetssystemet.<br><br>Tenesta deltek interkommunalt i utarbeiding av felles tenestestandardar innan rusomsorg.<br><br>Jobbar med å få auka kompetanse i bustadar for psykisk sjuke.<br><br>Personalet får tilbod om rettleiing. |
| Godt arbeidsmiljø i tilfredsstillande arbeidslokale | -Faste personalmøter med heile tenesta og den enkelte avdeling<br>-Årlege medarbeidarsamtaler<br>-Følgje opp IA-avtalen<br>-God intern kommunikasjon | Faste personalmøter med heile tenesta og den enkelte avdeling<br><br>IA-avtala vert følgt opp og ein legg til rette individuelt for tilsette ved behov.<br><br>Årlege medarbeidarsamtalar blir starta i haust . |

| | | |
|---|---|---|
| Tett samarbeid med NAV | -Månadlege samarbeidsmøter<br>-Fordeling av ansvar. | Tenestene samarbeider i møter med felles brukarar og fordeler ansvar. |
| God økonomistyring med drift innafor tildelte råmer | -Realistiske budsjett.<br>-Tydelege rapportar på konsekvensar og avvik | Tertialrapport |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| - 92 000 | Positivt avvik grunna stram økonomistyring. Budsjettbalanse |

# 350 OG 351 NAV - FLYKTNINGTENESTA

(jf verksemdplan)

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Rett hjelp til rett tid. Barnevernstenesta skal vere kjend og verte brukt av born, ungdom, foreldre og samarbeidspartnarar. | Barnevernstenesta sine vurderingar skal skrivast ned etter kvart som vi set inn og evaluerer hjelpetiltak og plasseringar. Bakgrunn for grunngjeving for/vurdering av tiltak må klart med.<br>-både born og foreldre skal fylgjast opp og medverke aktivt i eiga sak.<br>-Tett samarbeid kring born, for førebygging, tidleg innsats og rette tiltak.<br>Bruke og fornye rutinane vi har for sakshandsaming og internkontroll | Gjennomgang av rutinar er eit kontinuerleg arbeid. Vi er blitt betre på å skrive ned barnefaglege vurderingar og grunngjevingar for val vidare. Vi er i rute med evaluering av hjelpetiltak. |
| Busetting av flyktningar jf. vedtak kommunestyret 2013 og 2014 | Halde fram med eit heimebesøk i månaden for dei i introduksjonsprogram.<br>Arbeide vidare med utarbeiding av rutinar på flyktningarbeidet.<br>Betre bruk av socioflyktning, kjøpe opplæring av Tieto. | Vi har busett 6 stk i år. To av desse er barn.<br>Plan rutinearbeid er sett opp.<br>100% heimebesøk på dei på intro.program. Fått hand om private utleigebustadar og kan busette flyktningar utover hausten. |
| Yte tenester etter lov og forskrifter | Sikre gode brukarmøte ved kontinuerleg bruk av kollegarettleiing. | Vi har fast plan for kollega rettleiing og grupperettleiing. |

| | | |
|---|---|---|
| | Gjennomgang av rutinane på KVP | Har gått igjennom rutinar på kvp. |
| Ingen langtidsmottakarar av sosialhjelp som einaste yting. | Alle brukarar med sosialhjelp som einaste økonomisk yting skal kartleggjast og få tilbod om arbeidsretta tiltak. Framleis sterkt fokus på økonomisk rettleiing og frivillig og tvungen forvaltning for brukarar med økonomiske utfordringar. | Utfordring i høve dei som ikkje har rettar i trygda og dei som ikkje har rett til intro.program. Små tal. |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 350: 0 | Slik det ser ut ligg det ann til at budsjettet går i balanse. Det vi ser er at etterspurnaden etter støttekontakttenesta er større enn budsjettert. Vi ser og at vi brukar meir på sosialhjelp til flyktningar enn budsjettert og mindre på sosialhjelp på andre. Rekneskapen viser underskot, men her manglar refusjonar på butiltak i Førde og overføring av bunde fond. |
| 351: 0 | Det er budsjettert med at tenesta skal få med 1,1mill i overskot. Sidan vi har tilgang på hus kan vi busette siste del av budsjettåret. Dette genererer inntekter. Framleis ukjente utgifter til norsk senteret og ny medarbeidar skal tilsettast. Pr. i dag ser det ut som om at vi skal gå i balanse med budsjettert overskot. |

# 371 og 373: Heimetenester Skei

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| - Yte gode tenester etter gjeldande lovverk | -Drifte tenesta etter gjeldande lovverk og planar<br>-Ha fagleg forsvarleg drift gjennom heile året<br>-Ha fokus på kvalitet på tenestene<br>-Evaluere enkeltvedtak på tenester og implementere tenestestandardar<br>-Ivareta brukarane sine behov og arbeide for auka | -Brukar avvik systematisk til å betre kvaliteten på tenestene.<br>-Har hatt brukarundersøking, sett i verk tiltak: ID kort<br>-Har gjennom KS sitt effektiviseringsnettverk utført kvalitetsindikatorar.<br>-Har styrka saksbehandling og kartlegging i avdelingane.<br>-Hatt opplæring i KHOL, |

| | | |
|---|---|---|
| | funksjonsnivå og sjølvstende, rehabilitering. | kap.9 |
| -Vere ein god og attraktiv arbeidsplass | -Ha eit godt arbeidsmiljø<br>-Følgje opp IA-avtalen<br>-Samarbeid med verneombod og tillitsvalde<br>-Ha fokus på kompetanseutvikling i avdelingane<br>-Rekruttere studentar og fagpersonell | -Har faste avdelingsmøter med alle avdelingar.<br>-Har hatt medarbeidarundersøking, arbeider med oppfølging av resultat av den.<br>-IA avtalen: har dialogmøter, er med i prosjekt på sjukefråværsoppfølging.<br>-Deltek på aktuelle fagkurs<br>-Sjukefråværsstatestikk<br>-Vernerundar med evaluering av tiltak<br>-Har fått på plass rekrutteringstiltak til sjukepleiar og vernepleiar-stillingar. God søknad til ledig stilling etter det, tilsett sjukepleiar.<br>-Kompetanseutvikling: tilsette tek utdanning i vernepleie, sjukepleie, vidareutdanning i alderspsykiatri og demens, fagbrev i helsefag.<br>Fleire er med i studiering ABC demens.<br>-Stor byggeaktivitet på begge avdelingane har ført til meirarbeid og vore utfordrande for leiarar og tilsette i perioden. |
| -Drifte tenesta innanfor tildelte økonomiske råmer | -Realistisk budsjett<br>-Ha god oversikt over budsjett og rekneskap i avdelingane. | -Leverar rekneskap og tertialrapportar. |

**Økonomi**

| Ansvar | Prognose/Kommentar til avvik |
|---|---|
| 371 | Prognose: 0, avdelinga ser ut til å gå i balanse |
| 373 | Prognose: -140 000,- justert refusjon frå staten 2014 rekneskapsført 2015 |

# 372 SKEI BUFELLESSKAP

(jf verksemdplan)

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| | | |
| Yte forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk. | • Sikre oppdatering jfr samhandlingsreforma og nytt lovverk.<br>• Oppdatere kvalitetsutviklingssystemet.<br>• Sikre fagleg forsvarleg drift | -Gjennomgått rutinar og prosedyre innan hygiene.<br>-Undervising med hygienesjukepleiar<br>-Gjennomført kvalitetsundersøking i avdelinga, fokus på avvik. |
| Behalde tilsette og rekruttere fagpersonell. | • Utviklande fagmiljø og kompetanseutvikling<br>• Sikre IA og redusering av fråvær. Fokus på arbeidsmiljø<br>• Sikre godt samarbeid med tillitsvald og verneombud | - Arbeidsleiar har gjennomført kurs i sjukefråværsoppfølging, og starta med kurs/opplæring for leiarar.<br>-Kontinuerlig oppfølging av tilsette etter IA avtalen.<br>-Jobbar med rekruttering kontinuerlig. Fått tilsett fast sjukepleiar i dei 2 utlyste stillingar. Rekrutteringstiltak<br>- Har mykje studentar og elevar i praksis, godt samarbeid med høgskule og vidaregåande.<br>-Lærekandidat i helsefag, eit samarbeid med NAV. |
| Drifte tenesta innafor tildelt økonomisk råme. | • Realistisk budsjett<br>• Sikre god økonomistyring<br>• Evaluere og tidsavgrense vedtak | - Har realistisk budsjett<br>- Kontrollerer rekneskap |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| -37 700 | Budsjett og rekneskap ser foreløpig ut til å gå med eit lite overskot. Budsjettet er realistisk, men det er ikkje teke høgde for at ein ikkje får dekka opp vikariat og sjukefråvær med fagpersonar og at ein må nytte både overtid og forskyvd arbeidstid for å dekke fagleg forsvarleg drift. Det er eit overforbruk på posten for overtid. Dette |

| | |
|---|---|
| | vert i hovudsak dekka av refusjonar. Det er heller ikkje teke høgde for behov for ekstra ressursar i omorganiserings- og flytte prosessen, så vi kan pårekne noko større vikarkostnader i denne perioden. Meirbelastning og utryggheit i denne perioden kan føre til noko meir behov for vikar. Har fleire tilsette med tilpassa arbeid, jfr. IA avtala, på toppen av grunnbemanning. Dette vert delvis dekka av tilskot frå Nav. Vi har eit behov for support frå Acos vedr. omorganisering i Cos Doc. Dette vil bli ein ekstra kostnad på kjøp av tenester. |

# 381: Heimetenesta Vassenden

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| -Yte fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk | - Drifte tenesta etter gjeldande lovverk og planar<br>- Nytte kvalitetssystemet i det daglege arbeidet.<br>- Evaluere enkeltvedatak og implementere tenestestandar inn i vedtaka.<br>Ha fagleg forsvarlig drift gjennom heile året. | Målet vert nådd.<br><br>Har fokus på avvik. Kvalitetssystemet er tilgjengeleg for alle i avdelinga.<br><br>Oppdatert lovverk ligg tilgjengeleg i avdelinga og er implementert i det daglege arbeidet.<br><br>Jobbar ut frå vedtak fatta i vedtaksnemnda |
| - Behalde tilsette og rekruttere fagpersonell og<br>vere ein attraktiv arbeidsplass | - Behalde eit godt arbeidsmiljøet.<br>- Følgje opp IA avtalen.<br>- Implementere kompetanseplan når den er på plass.<br>- Utvikle større samarbeid med psykisk helsevern og busenteret.<br>- Sikre god samhandling med vidaregåande skular og høgskulen for å få studentar i praksis.<br>-Samarbeide med verneombud og tillitsvalde.<br>-Fokus på kompetanseutvikling i avdelingane | Arbeidsmiljøundersøking/kartelegging av tilsette er gjennomført.<br>Har fokus på sjukefråvær. Oppfølging av sjukmeldte etter IA avtalen.<br><br>Hatt fleire felles personalmøte med Vassenden omsorgssenter.<br>Felles sjukepleiarmøte med Vassenden busenter.<br><br>Har kontinuerleg sjukepleiarstudentar, helsefagarbeidarstudentar i praksis.<br><br>Vernerunde er gjennomført<br>Faste avdelingsmøter i turnus.<br><br>Utviklingssamtale er ikkje starta.<br>Personalet får delta på relevante kurs |

| | | |
|---|---|---|
| Drifte tenesta innafor tildelte økonomiske rammer | - Lage realistiske budsjett<br>- Rapportere konsekvensar og avvik. | Tertialrapportar. |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| - 180 000,- | Positivt avvik grunna stram økonomistyring. Budsjettbalanse |

# 382 VASSENDEN BUSENTER

(jf verksemdplan)

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| | | |
| Yte fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk og avtaler | -Sikre avdelinga sin kjennskap til gjeldande lovverk, og lokale føresetnader<br>-Sikre fagleg forsvarlegheit<br>-Sikre oppdatert kvalitetssystem | -Gjennomgått rutinar, prosedyrar i høve til rehabilitering og hygiene.<br>-Tilsyn frå fylkesmann på rehabilitering, ingen avvik vart funne.<br>-Nytta vikarbyrå til ferieavvikling<br>-Gjennomført kvalitetsundersøking i avdelinga, fokus på avvik. |
| Behalde og rekruttere fagpersonell | -Sikre oppfølging av IA avtalen<br>-Behalde eit godt arbeidsmiljø<br>-Jobbe for å få eit tettare samarbeid med heimetenesta | - Arbeidsleiar har gjennomført kurs i sjukefråværsoppfølging, og starta med kurs/opplæring for leiarar.<br>-Følgjer opp tilsette etter IA avtala<br>-Jobbar med rekruttering kontinuerlig. Rekrutteringstiltak.<br>- Har mykje studentar og elevar i praksis, godt samarbeid med høgskule og vidaregåande. |
| Drifte tenesta innanfor tildelt råme | -Realistisk budsjett<br>-Sikre god økonomistyring | - Har realistisk budsjett<br>- Kontrollerer rekneskap |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| - 59 000 | Budsjett og rekneskap ser foreløpig ut til å gå i ballanse, det kan bli eit lite overskot. Frå oktober vil dette budsjettet bli overført til 372, Skei bufellesskap. Og noko flytta til 381 heimetenesta Vassenden. Det er difor noko usikker prognose for vidare drift. Budsjettet meiner eg er realistisk, men det er ikkje teke høgde for at ein ikkje får dekka opp vikariat og sjukefråvær med fagpersonar og at ein må nytte både overtid og forskyvd arbeidstid for å dekke faglig forsvarlig drift, så noko overforbruk på overtid. Har nytta vikarbyrå i ferieavviklinga. Det er heller ikkje teke høgde for behov for ekstra ressursar i omorganiserings- og flytte prosessen. Ein vil ha behov for ekstra hender i ein periode. Meirbelastning og utryggheit i denne perioden kan føre til noko meir behov for vikar. |

# 400: PLAN, NÆRING, DRIFT - FELLES

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status |
|---|---|---|
| Tilby innbyggarane i Jølster kommune gode tenester innan fagområda. | • Sikre kvalitet i teneste-tilbodet ved å ha rett kompetanse på rett plass.<br>• Sikre at tenestene er i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer.<br>• Ferdigstille/implementere kvalitetssystemet i einingane.<br>• Sikre gjennomføring av politiske strategiar og tiltak jamfør mellom anna vedtekne handlingsplanar. | Kompetanseplan på plass i løpet av 2015.<br><br>Vert kontinuerleg følgt opp.<br><br>Følgjer opp vedtekne tiltak i mellom anna økonomiplan.<br><br>Det er gjennomført tilsyn på brann og beredskap. |
| Bidra til av Jølster er eit aktivt samfunn i endring og vekst. | • Bidra gjennom arealplanen til nye attraktive oppvekst og buområde.<br>• Gjennomføre tiltak etter investeringsbudsjettet til rett tid og i samsvar med godkjent kostnad.<br>• Gjennomføre tiltak i | Arbeider med å sikre grunn for framtidig bustadareal på Vassenden i samsvar med kommuneplanen.<br><br>Bidra gjennom utbyggingsavtale til utbygging både på Vassenden og Skei. Fremje |

| | | |
|---|---|---|
| | samsvar med «10 på topp»<br>• Delta i fellestiltak i regi av SIS. | sak om deltaking og avtale om momskompensasjon.<br><br>Utbygginga ved Skei omsorgssenter har ei framdrift i samsvar med plan og budsjett. Overteke tilbygga i september.<br><br>Heimly: Framdrifta er i samsvar med planen og tiltaket skal vere ferdig i november.<br><br>Vassenden omsorgssenter er lyst ut på konkurranse. Sak til politisk handsaming før endeleg oppstart av byggearbeid no i haust.<br><br>Deltek i prosjekt om utbygging av VA mm til Sunnfjord næringspark.<br><br>Heile reguleringsplan for E39 er vedteken. |
| Utvikle tenestetilbodet slik at det kan bidra til eit effektivt og allsidig landbruk. | • Etablere faste møteplassar og dialog med landbruksnæringa.<br>• Bidra gjennom arealplanen til eit allsidig landbruk og landbruk +.<br>• Sikre tradisjonelt betebruk gjennom prioritering av virkemiddelbruken. | Interkommunalt fagleg samarbeid på fleire fagområde. |
| Bidra til vekst i næringsetableringa. | • Bidra gjennom arealplanen til større samanhengande og attraktive næringsareal.<br>• Utnytte potensiale som ligg i allereie nye etableringar på Skei.<br>• Nytte potensiale som ligg i oppgradering av E39 og rassikring av RV5. | Vedtak om oppstartsmidlar til E39 Bjørset – Skei. Byggjearbeidet tek til våren 2016,<br><br>Reguleringsplan for tunnell mm langs RV er lagt ut på høyring – frist 28.08. Sak til handsaming før utgangen av 2015.<br><br>Bruk av overskotsmassar til konkrete formål er vurdert. |

# 510: BIBLIOTEK

(jf verksemdplan)

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Biblioteket som møteplass. | Arrangement, eit forfattarbesøk for vaksne om våren og eit for barn om hausten – Ambulerande bokkafear/debattar med dei andre BIS-biblioteka. «Litteraturhus i grendahusa» Fortsette med lesesirkel for vaksne, 8 treff pr. år. Fortsette og vidareutvikle bokkafear og småbarnstreff. Samarbeide med frivilligsentralen. | Teaterbesøk Alda-teateret erstatta forfattarbesøk i vår. Samarbeid med Jølstramuseet og fylkesbiblioteket. Har delteke på bokkkafe i Førde.<br><br>Lesesirkelen er aktiv<br><br>3 bokkafear på Skei i vår-halvåret. |
| Barn og unge i sentrum. | Den plutselege scene, tilbod til ungdomsskuleelevar i Jølster som vil spele i band. Samarbeid med Jølster kulturskule. Sommarles. Lesekonkurranse for barn 6 – 13 år. Samarbeid med BIS-biblioteka Prosjekt med nynorske bøker til barnehagane i Jølster. Samarbeid med Skei og Ålhus barnehage og nynorsksenteret. Barnehagefilial i alle barnehagane som ynskjer det. | Ikkje realisert<br><br>Mange har delteke og premien til den mestlesande er forfattarbesøk i klassen. -Anne Viken i veke 39.<br><br>Prosjekt «Lesefrø» har kjøpt inn bøker og skal presentere prosjektet på planleggingsdag 14.sept. |
| Samlingsutvikling | Formalisere BIS-samarbeidet vidare med felles utstillingar og felles møter om innkjøp. Felles purrerutinar. Fornye fagbokstamma for barn og unge, spesielt på Vassenden. Samarbeid med Vassenden skule. Fornye og utvide lydboksamlinga spesielt på Skei -sirkulasjonsordning | Samarbeidsavtale i BIS er formalisert.<br><br>Felles purrerutinar er innført.<br><br>Dette er kome i gong.<br><br>Er ikkje kome i gong med dette. |

| | | |
|---|---|---|
| | mellom Skei og Vassenden<br>Kassere | <br>Ja. |

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 0 | Biblioteket går i balanse. |

# 610: Plan og bygg

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Gjennomføre kommuneplanen sin arealdelen i trå med politiske vedtak. | Ferdigstille kommuneplanen sin arealdel. | Arealdel endeleg vedteken. |
| Innføre vegadresser i kommunen | Organisering av arbeidet.<br>Starte med inndeling i vegparsellar.<br>Tildeling av husnummer | Mestedelen av inndeling i adresseparsellar er no utført. Omadressering av eksisterande vegadressar er ferdig. Ny skilting manglar. Avventar no vegnamn frå kulturavd før endeleg registering. |
| Sakshandsamingstid for Pbl-lov og Matrikkelsaker. | Sakshandsamingstid innanfor dei krav som er stilte i lovverket | Noko på etterskot her. Dette skuldast at vegadresse og overgang til NN2000* har vore prioritert. |

*NN2000: Dette kan de finne meir opplysningar om på kommunen si heimeside.

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 110 000 | Mindreinntekt på gebyr, svært usikkert delevis pga adressearbeidet.<br>Geologarbeid planar for Ålhus og Helgheim gjev endring frå mai. Skal delvis finansierast av prosjekt.<br>Brukar mykje resursar som følgje av ny brannorganisering. |

# 620-621: Drift- og kommunalteknikk

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| Arbeide med internkontroll innafor forvaltning og organisering av avdelinga. | ○ Gjennomgang av internkontrollsystemet innafor VA og vidare dei andre tenesteområda.<br>○ Gjennomføre/ferdigstille IK for dei ulike tenestene. | ○ På grunn av manglande kapasitet er det gjort liten med IKS. Arbeid med IKS skal starte opp igjen etter sommarferie. |
| Auke innsats for å behalde kvalitet på tenester og verdiar på det vi har forvaltar. | ○ Rehabilitere/styrke samferdsel i kommunen.<br>○ Forvalte og styrke vedlikehald av bygningar ved å prioritere vedlikehaldstiltak som er med på å sikre verdiar på kommunale bygg/anlegg.<br>○ Gjennomføre ENØK-tiltak for innsparing av energikostnader. | ○ Asfalteringsarbeid er oppstarta. Arbeid blir utført juni-oktober 2015.<br>○ En del av dei prioriterte tiltak for 2015 (bygg) er sett i gang. Resten vert starta opp i løpet av året.<br>○ Søknaden til Enova er godkjent og Jølster Kommune får inntil 254.000,- for ENØK-tiltak, som omtala i søknaden. |
| Ferdigstille/gjennomføre krav til brannordning i Jølster. | ○ Halde fram opplæring av brannmannskap (deltidsreforma)<br>○ Auke innsats innafor førebyggjande arbeid.<br>○ Gjennomføre/ferdigstille brannordning.<br>○ Etablering av nytt samband for brannvernet. | ○ Det er gjennomført ein stor del tilsyn av bustader, medan tilsyn av særskilde brannobjekt ikkje er starta opp enno.<br>○ Vi har gjennomført arbeid med risikokartlegging, innført rutinar og laga innsatsplanar. Supplering av det som er allereie utført skal gjerast før haust. |

**Økonomi**

**620: VAR og Feiing/tilsyn**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| Kr. 200 000 | ○ Mye større drift- og lønsutgifter innafor Vatn og Avløp enn budsjettert (mye overtid pga problem, spesielt på reinseanlegga). Avvatning på Skei -ikkje i drift sidan juni 2015. På grunn av alder vart det ikkje mulig å få inn nye deler. Ny sentrifuge skal monterast i desember 2015 (del av Hovudplan Avløp) |
| Kr. 500 000 | ○ Meirkostnader på grunn av problem med Hegrenes vassverk |

| | |
|---|---|
| | (børebrunnen kan ikkje levere nok vatn). Ny løysing med vatn frå Ålhus vassverk. |
| Kr. 55 000 | ○ Kjøp av Tankbil |
| | Ansvarsområda vert balansert mot fond og fondsavsetningar. |

**621: Drift- og kommunalteknikk**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| Kr. 300 000 | ○ Høgare kostnader innanfor vintervedlikehald enn budsjettert. Mykje snø (gjeld spesielt bruk av grus og overtidstimer eige personell). |
| Kr. 100 000 | ○ Akutt reparasjonsarbeid kommunale bruer etter kontrollrunde i april/mai 2015 (gjelder bl.a. stabilisering av fundament og krav ifm rekkverk). |
| Kr. 80 000 | ○ Straumkostnader Mo- og Jølster vgs er ikkje dekka i budsjett. Blir ført på vaktmeisterbudsjettet. |
| Kr. 55 000 | ○ Kjøp av tankbil til beredskap. Kostnader blir fordelt mellom vatn og brann |
| Kr. 70 000 | ○ Feil i budsjett for reinhald som følgje av endring i rutinar for reinhald. |

# 650: NÆRING OG MILJØ

**Måloppnåing**

| Hovudmål (4 år) | Delmål (1 år) | Status pr i dag |
|---|---|---|
| 1. Utvikle det tradisjonelle landbruket som basis for all landbruksproduksjon i kommunen. | 1.1 Halde fram arbeidet med å fornye driftsopplegget for all produksjon av mjølk i kommunen – gjennom fornying og nybygg av samdriftsløysingar og einskildprodusentar<br>1.2 Betre arronderinga gjennom kanalisering, grøfting og aktiv nydyrking<br>1.3 Kultur og jordbruksareal som ikkje kan driftast med rasjonell hausting skal skjøttast gjennom aktiv beitebruk<br>1.4 Oppretthalde naudsynt kvalitet på tilskotsforvaltninga | ✓ Ein søknad om tilskot til nytt mjølkefjøs (45 årskyr og 300.000 l produsert mjølk) har fått løyving frå Innovasjon Norge<br>✓ Ein søknad om tilskot til utviding av geitefjøs har fått løyving frå Innovasjon Norge.<br>✓ Ein søknad om tilskot til nytt mjølkefjøs fekk vi i retur frå Innovasjon Norge p.g.a deira tilskotsramme for 2015 er brukt opp.<br>✓ Handsama og tilsyn gjennomført med produksjonstilskots- |

| | | |
|---|---|---|
| | | søknadane for januar. Har starta handsaming av produksjonstilskots-søknadane for august. |
| 2. Jobbe for å sikre regional næringsindustri tilgang på gode råvarer | 2.1 Auke produksjonen av mjolk<br>2.2 Auke Produksjonskvotane frå 100 000 liter til 110 000 liter per produsent<br>2.3 Utvikle sau og geitehaldet gjennom stimulering av produsentmiljøet og nyinvesteringar i driftsmatar og driftsbygningar<br>2.4 Utvikle nye landbruksproduksjonar innan kjøtproduksjon av storfe, svineproduksjon og eggproduksjon | ✓ Ein søknad om tilskot til nytt mjølkefjøs (45 årskyr og 300.000 l produsert mjølk) har fått løyving frå Innovasjon Norge<br>✓ Ein søknad om tilskot til utviding av geitefjøs har fått løyving frå Innovasjon Norge.<br>✓ Finansierer (saman med Gloppen) Mjølkeprosjekt Jølster og Gloppen, som driv råd og rettleiing knytt til mjølke- og storfekjøttproduksjon |
| 3. Utvikle skogbruket for uttak av 10 000$m^3$ | 3.1 Nybygging av 5 km Skogsveg<br>3.2 Auke årleg utplanting og stimulere til bruk av tilskotssystemet | ✓ Skogplantar for 2015 bestilt<br>✓ Innspel om bruk av tunnellmassar frå Kjøsnesfjorden til skogsvegbygging |
| 4. Utvikle sports og næringsfiske i kommunen | 4.1 Legge til rette for vidareforedling av Jølstraauren.<br>4.2 Legge til rette for god infrastruktur rundt sportsfiske i vassdraget<br>4.3 Auke sal av fiskekort og andre produkt knytt til fiske | ✓ Ytt 100.000 kr i tilskot til Jølster aurefest |
| 5. Utvikle hjorteforvaltninga til gode for jord og skogbruket og som ein ressurs for grunneigar gjennom rekreasjon og auka jaktsal | 5.1 Sikre ei bestandsretta forvaltning av hjorten i tråd med kommunalt måldokument<br>5.2 Minke påkøyrsleproblematikken | ✓ Ytt tilskot til prosjekt forvalting av hjortebestand<br>✓ Gjennomført møte med hjorteutvalet om nytt måldokument, for kommunen, og resultat av vårteljing |
| 6. Utnytte og utvikle småkraftpotensialet i kommunen | 6.1 Stimulere til etablering av småkraftverk | ✓ Ingen aktivitet så langt i år |

- Dei tre stillingane ved eininga er 100 % bemanna frå 1.5.2015.

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 0 | Ingen vesentlege avvik |

# ANSVAR 900

**Økonomi**

| Prognose | Kommentar til avvik |
|---|---|
| 600.000,- | Lågare inntening konsesjonskraft enn budsjettert 400.000,-<br>Lågare renteinntekt enn budsjettert 200.000,- |

**Dokumentliste:**

Jølster kommune
6843 Skei i Jølster
tlf. 57 72 61 00
postmottak@jolster.kommune.no

# *Saksutgreiing*

**SAKSGANG**

| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Kommunestyret | 20.10.2015 | 081/15 |

| Sakshandsamar: | Arkiv: | Arkivsaknr |
|---|---|---|
| Svanhild Røkenes | FE-033 | 15/702 |

## Val av kontrollutval

**Vedlegg:**

| **Dok.dato** | **Tittel** | **Dok.ID** |
|---|---|---|
| 06.10.2015 | Reglement for Jølster kontrollutval - sak 017.15.pdf | 62660 |

---

**Handsaming i Kommunestyret 20.10.2015:**

Magne Aardal SV: ber om felles gruppeleiarmøte
<u>Etter møtet, felles framlegg frå alle partigruppene:</u>

1. Torbjørg Grimsbø Eskeland, H leiar
2. Knut Gunnar Fonn, V
3. Pål Befring AP, nestleiar
4. Hildegunn Huus, SP
5. Terje Erikstad, SP

<u>Varamedlemmar:</u>
1. Normann Årseth, Krf

2. Hildegunn Risnes Gjelsvik, V
3. Torkild Heieren, SP
4. Silja Juklestad, SV
5. Stig Tveit , AP

Felles framlegg frå partigruppene vart samrøystes vedteke

**KST-081/15 Vedtak:**

Kontrollutval for 2015 -2019
1. Torbjørg Grimsbø Eskeland, H leiar
2. Pål Befring Ap, nestleiar
3. Knut Gunnar Fonn, V
4. Hildegunn Huus, SP
5. Terje Erikstad, SP

Varamedlemmar:
1. Normann Årseth, Krf
2. Hildegunn Risnes Gjelsvik, V
3. Torkild Heieren, SP
4. Silja Juklestad, SV
5. Stig Tveit, Ap

---

**Dokumentliste:**

Jølster kommune
6843 Skei i Jølster
tlf. 57 72 61 00
postmottak@jolster.kommune.no

# Saksutgreiing

**SAKSGANG**

| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Kommunestyret | 03.11.2015 | 087/15 |

| Sakshandsamar: | Arkiv: | Arkivsaknr |
|---|---|---|
| Svanhild Røkenes | FE-033 | 15/761 |

## Retting av feil, val av kontrollutval, UPU og OKH

**Vedlegg:**

| **Dok.dato** | **Tittel** | **Dok.ID** |
|---|---|---|
| 22.10.2015 | Konstituering av Jølster kommunestyre | 66331 |
| 26.10.2015 | Konstituering av Jølster kommunestyre | 66420 |
| 27.10.2015 | Styre råd og utval 2015 -2019 | 66456 |

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Handsaming i Kommunestyret 03.11.2015:**
Ordførar orienterer om saka, kommunestyret kan rette det opp på 4 måtar:

1. Nytt val av OKH
2. Nytt val av UPU
3. Nytt val av Kontrollutvalet

4. Kombinasjon av punkt 1,2 og 3

Kommunestyret hadde debatt

Tom Erik Sandal:  ber om gruppemøte

Helge Torpe SP: ber om nytt gruppemøte

Etter gruppemøte:

Framlegg om punktvis avrøysting over desse punkta:
1. Kontrollutval vart lovleg vald,
2. UPU vart ulovleg vald,
3. OKH vart ulovleg vald

Røysting: Framlegg til punktvis avrøysting over punkt 1-3 vart samrøystes vedteke

Punktvis røysting:
Røysting over punkt 1. kontrollutvalet vart lovleg vald, vart samrøystes vedteke
Røysting over punkt 2. UPU vart ulovleg vald, vart samrøystes vedteke
Røysting over punkt 3. OKH vart ulovleg vald, vart samrøystes vedteke

Val av tellekorps:
Ordførar Oddmund Klakegg: framlegg på nytt tellekorps: Kjell Navelsaker H,  Inger Jorun Årseth SP, Ingrid Søyland SP, framlegget vart samrøystes vedteke.

Frå administrasjonen deltok Rådmannen.

**Det vart gjennomført nytt val på OKH med følgjande lister:**

Ragnhild Sæle Ap : listeframlegg  frå AP.
1. Ottar Magne Fugle
2. Siv-Karin Hestad
3. Einar Nygård
4. Gunn Laila Årnes

Vigdis Tonning V: Felles listeframlegg frå H, Krf og V
1. Vigdis Tonning, V
2. Svein Årdalsbakke, Krf
3. Alice Mo Sandøy, H
4. Marit Høyvik, Krf
5. Ole Magnus Kapstad, V
6. Agnar Bøyum, H
7. Ingunn Alice Fanebust, V

<u>Tom Erik Sandal SP felles listeframlegg frå SP og SV</u>

1. Magne Aardal, SV
2. Henriette Sunde, SP
3. Ruben Skrede, SP
4. Anne Karin Huus Erikstad, SP
5. Åse Britt Øygard, SV
6. Inger Anne Husevåg, SP
7. Helge Torpe, SP
8. Turid Langvatn, SV
9. Knut Huus, SP
10. Rakel Apneseth, SV

Det vart skriftleg røysting på listeframlegga med slik mandatfordeling:

**Beregningsmodell for fordeling av utvalgsplasser - legg inn data i gule felt**

| | | |
|---|---|---|
| Kommunenummer (tast inn) | 1431 | JØLSTER |
| Antall medlemmer i utvalget som skal velges | 7 | |

| Navn på liste | Antall stemmer | Første fordeling av utvalgsplasser |
|---|---|---|
| SP/SV | 14 | **4** |
| AP | 4 | **1** |
| H/V/KRF | 7 | **2** |

| Kommune: | | JØLSTER | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Representantfordeling til utvalg:* | | | 7 | | | | | |
| DIVISJON MED: | Antall stemmer | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 |
| Parti | | | | | | | | |
| SP/SV | **14** | 14,000 | 7,000 | 4,667 | 3,500 | 2,800 | 2,333 | 2,000 |
| AP | **4** | 4,000 | 2,000 | 1,333 | 1,000 | 0,800 | 0,667 | 0,571 |
| H/V/KRF | **7** | 7,000 | 3,500 | 2,333 | 1,750 | 1,400 | 1,167 | 1,000 |

Etter at valet på OKH vart gjennomført vart det gjort vedtak på leiar og nestleiar

Ap sitt framlegg på leiar Ottar Magne Fugle vart samrøystes vedteke
Sv sitt framlegg på nestleiar Magne Aardal vart samrøystes vedteke

**Det vart gjennomført nytt val på UPU med følgjande lister:**

Vigdis Tonning V felles listeframlegg frå V, H, Krf og AP

1. Atle Hamar, V
2. Ragnhild Sæle, Ap
3. Kjell Navelsaker, H
4. Eli Nesje Nedrebø
5. Birgit Tansøy
6. Agnar Bøyum, H
7. Karl Russøy, Krf
8. Gunn Laila Årnes, Ap
9. Raymond Sandøy, H

Tom Erik Sandal SP, felles listeframlegg frå SP og SV:

1. Geir Støfring, Sp
2. Inger Jorunn Årseth, SP
3. Reidun Støfring Sp
4. Steinar Dvergsdal, SP
5. Svein Atle Huus, Sp
6. Inger Anne Husevåg, Sp
7. Einar Gautefall, SV
8. Ingebjørg Perly Øyen, Sp
9. Ole-Jonny Aasen, Sp
10. Magnar Juklestad, SV
11. Janne Karin Støylen, SP
12. Dan-Inge Gjesdal, SP

Det vart skriftleg røysting på listeframlegga med slik mandatfordeling:

| Beregningsmodell for fordeling av utvalgsplasser - legg inn data i gule | | |
|---|---|---|
| Kommunenummer (tast inn) | 1431 | JØLSTER |
| Antall medlemmer i utvalget som skal velges | 8 | |
| **Navn på liste** | **Antall stemmer** | **Første fordeling av utvalgsplasser** |
| SP/SV | 14 | **5** |
| AP/H/V/KRF | 11 | **3** |

| Kommune: | | JØLSTER | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Representantfordeling til utvalg:* | | | 8 | | | | | | |
| DIVISJON MED: | Antall stemmer | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 |
| Parti | | | | | | | | | |
| SP/SV | **14** | 14,000 | 7,000 | 4,667 | 3,500 | 2,800 | 2,333 | 2,000 | 1,750 |
| AP/H/V/KRF | **11** | 11,000 | 5,500 | 3,667 | 2,750 | 2,200 | 1,833 | 1,571 | 1,375 |

Etter resultatet vart det val på leiar og nestleiar

Tom Erik Sandal Sp: framlegg på leiar: Geir Ståle Støfring
SP sitt framlegg til leiar Geir Ståle Støfring vart samrøystes vedteke

Ragnhild Sæle Ap: felles framlegg frå AP, H, V og Krf på nestleiar: Atle Hamar
AP, H, V og Krf sitt framlegg til nestleiar Atle Hamar vart samrøystes vedteke.

**KST-087/15 Vedtak:**

I. Kontrollutval vart lovleg vald,

II. UPU vart ulovleg vald i Kst sak 83/15, nytt utval med følgjande medlemmar og varamedlemmar:

Utval for plan og utvikling 2015 -2019:
Medlemmar:

1. Geir Støfring, Sp, leiar
2. Inger Jorunn Årseth, SP
3. Reidun Støfring Sp
4. Steinar Dvergsdal, SP
5. Svein Atle Huus, Sp
6. Atle Hamar, V nestleiar
7. Ragnhild Sæle, Ap
8. Kjell Navelsaker, H

<u>Varamedlemmar SP/SV:</u>

1. Inger Anne Husevåg, Sp
2. Einar Gautefall, SV
3. Ingebjørg Perly Øyen, Sp
4. Ole-Jonny Aasen, Sp
5. Magnar Juklestad, SV
6. Janne Karin Støylen, SP
7. Dan-Inge Gjesdal, SP

<u>Varamedlemmar H, V, Krf og AP:</u>

1. Eli Nesje Nedrebø
2. Birgit Tansøy
3. Agnar Bøyum, H
4. Karl Russøy, Krf
5. Gunn Laila Årnes, Ap
6. Raymond Sandøy, H

III. OKH vart ulovleg vald i Kst sak 82/15, nytt utval, med følgjande medlemmar og varamedlemmar:

Utval for oppvekst, kultur og helse 2015-2019
Medlemmar

1. Magne Aardal, SV, nestleiar
2. Henriette Sunde, SP
3. Ruben Skrede, SP
4. Anne Karin Huus Erikstad, SP
5. Ottar Magne Fugle, AP, leiar
6. Vigdis Tonning, V
7. Svein Årdalsbakke, Krf

Varamedlemmar SP/SV:

1. Åse Britt Øygard, SV
2. Inger Anne Husevåg, SP
3. Helge Torpe, SP
4. Turid Langvatn, SV
5. Knut Huus, SP
6. Rakel Apneseth, SV

VaramedlemmarAP:

1. Siv-Karin Hestad
2. Einar Nygård
3. Gunn Laila Årnes

Varamedlemmar, H,V og Krf:

1. Alice Mo Sandøy, H
2. Marit Høyvik, Krf
3. Ole Magnus Kapstad, V
4. Agnar Bøyum, H
5. Ingunn Alice Fanebust, V

---

**Saksutgreiing:**

**Dokumentliste:**

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Jølster kontrollutval | 07.12.2015 | 030/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Audhild Ragni Vie Alme | FE-033 | 15/430 |

## Opplæring av nytt kontrollutval

### Vedlegg:

| **Dok.dato** | **Tittel** | **Dok.ID** |
|---|---|---|
| 25.11.2015 | Informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019 til Jølster kommune.pdf | 3223 |
| 25.11.2015 | Reglement for Jølster kontrollutval, vedteke 16.6.2015 | 3623 |
| 25.11.2015 | Reglement for høyring i Jølster kontrollutval, vedteke 16.6.2015 | 3624 |
| 19.11.2015 | Praktiske opplysningar og tips mm til oppstartmøta hausten 2015 - presentasjon pr 191115 | 3563 |
| 26.10.2015 | Presentasjon av Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon) | 3431 |
| 26.10.2015 | Invitasjon til dagsseminar/kurs 25.1.2016: Tilsyn og kontroll i kommunal sektor | 3428 |
| 23.11.2015 | NKRF's kontrollutvalskonferanse 3.-4. februar 2016 | 3577 |

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Jølster kontrollutval tek gjennomgang/opplæring frå SEKOM-sekretariat og KRYSS Revisjon til orientering.

Jølster kontrollutval vil delta på dagseminar/kurs Tilsyn og kontroll i kommunal sektor på Skei 25.1.2016, og SEKOM-sekretariat ordnar med påmelding.
.

### Saksutgreiing:
SEKOM-sekretariat sende brev til «våre» 15 kommunar 14.9.2015 med informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019. Det var det m.a. teke med at det var viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og at det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Folkevaldopplæringa i Jølster kommune var før konstitueringa, slik at då var det berre dei to frå kontrollutvalet, som også sit i kommunestyret, som fekk med seg den.

Jølster kontrollutval har auka frå 3 til 5 medlemer (jfr reglementet), og alle er nye i denne valperioden.

Jølster kontrollutval brukte nettbrett i forrige valperiode, men vi har no fått opplyst av administrasjonen at nettbrett berre er kjøpt inn til kommunestyremedlemane. Vi har sendt førespurnad til rådmannen om kjøp av nettbrett til kontrollutvalet. Sakspapira til første møte vert sendt pr. post, og i tillegg vert det sendt e-post med lenkje til innkallinga på SEKOM si heimeside.

Sogn og Fjordane kommunerevisorforening vil 25. januar 2016 halde opplæring for alle kontrollutvala i fylket på Skei hotell, sjå vedlagde invitasjon.
SEKOM-sekretariat vil oppmode medlemane i kontrollutvalet til å delta på fylkeskonferansen, som vil vere særskilt retta mot kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar.

Kvart år held Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) fagkonferanse der målgruppa er kontrollutvala og sekretariata til kontrollutvalet. I 2016 vert FKT sin fagkonferanse 7.-8. juni på Thon Hotel Oslo Airport. Kontrollutvalet er medlem i FKT, og får såleis noko redusert pris på konferansen.

Norsk Kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer ein tilsvarande Kontrollutvalskonferanse 3.- 4. februar 2016 på Gardermoen (sjå vedlagde program).

Kommunal- og Regionaldepartementet ga i 2011 ut kontrollutvalsboka, som er ein rettleiar om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalsboka er under revidering, og når oppdatert versjon er ferdig, vert den delt ut til kontrollutvalsmedlemane. Her er lenkje til kontrollutvalsboka

SEKOM-sekretariat har eiga heimeside, der finn du alle innkallingar og møtebøker til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område. Der ligg også sentrale lover, forskrifter, retningsliner, publikasjonar og nyttige lenkjer. Her er lenkje til heimesida

I det første møte for det nye kontrollutvalet, ser vi føre oss ein presentasjon av medlemane i utvalet, deretter vil SEKOM-sekretariat sine to tilsette presentere seg. Vidare vil leiaren i SEKOM-sekretariat ta ei kort orientering/opplæring i høve møterutinar, oppgåvene og ansvaret til kontrollutvalet.

Revisjonsselskapet er invitert til å presentere seg for kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat legg opp til at ordførar og rådmann vert invitert til neste møte i kontrollutvalet.
Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, og det kan vere nyttig at ordførar og kontrollutval tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis de kan utveksle informasjon og oppdatere kvarande på aktuelle saker.
Rådmannen vert innkalla i konkrete saker, der han møter personleg, eller at andre møter på rådmannen sine vegner. SEKOM-sekretariat rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med rådmann i starten av valperioden.

**SEKOM-sekretariat**
*www.sekom.no | post@sekom.no*

Jølster kommune v/ordførar og rådmann
6843 SKEI I JØLSTER

| | |
|---|---|
| Dato: | 14.09.2015 |
| Vår referanse: | 15/1505 |
| Arkiv: | FE-033 |

## Informasjon i samband med val av kontrollutval for perioen 2015-2019

I samband med kommunevalet vil SEKOM-sekretariat kome med informasjon og nokre tilrådingar for val av nytt kontrollutval i kommunen.

**Val av kontrollutval**
Kontrollutvalet er eit lovfesta utval som skal veljast i konstituerande kommunestyremøte etter val av formannskap jfr. kommunelova § 17 punkt 2. Minst eitt av medlemane i kontrollutvalet skal vere medlem i kommunestyret. SEKOM-sekretariat ser det som ein fordel at leiar i kontrollutvalet er medlem i kommunestyret.

Jølster kontrollutval har i dag 3 medlemar, og 7 personlege varamedlemar.
I det nye reglementet for Jølster kontrollutval, står det i § 2 at kontrollutvalet skal ha 5 medlemar og det skal veljast tilstrekkeleg med varamedlem.
Vi meiner at det er ein fordel med felles varaliste, då dette gjer utvalet mindre sårbart ved forfall enn ved personlege varamedlemer.

Sjå meir om val av kontrollutval i vedlagde informasjon frå FKT og NKRF.

**Opplæring**
SEKOM-sekretariat meiner at det er viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

**Nettbrett**
Jølster kontrollutval brukar nettbrett til lesing av sakspapir. Vi ser det som naturleg at det nye kontrollutvalet får tildelt nettbrett, og at dei vert gitt opplæring på lik line med andre folkevalde i kommunen.

**Ordføraren sin møterett**
Ordføraren har møte- og talerett i kontrollutvalet jfr. kommunelova § 9 nr. 4. Det kan vere nyttig at ordførar og kontrollutvalet tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis dei kan utveksle informasjon og oppdatere kvarandre på aktuelle saker.

**Presentasjon av SEKOM-sekretariat**
SEKOM-sekretariat vil gjerne få høve til å komme på eit kommunestyremøte og presentere selskapet og utvalsfunksjonen, då vi trur det kan vere nyttig informasjon. Vi ser føre oss at det kan bli våren 2016, og vil ta nærare kontakt med ordførar og rådmann for å avtale tid.

SEKOM-sekretariat viser elles til reglement for Jølster kontrollutval vedteke av kommunestyret 16.6.2015, KST-047/15. De finn også informasjon på vår heimeside www.sekom.no

Lukke til med val av kontrollutval for perioden 2015-2019.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar
Tlf 57 61 27 85 / 971 70 064
arva@sekom.no

# SEKOM-sekretariat **Notat**

*www.sekom.no | post@sekom.no*

**Vedteke av kommunestyret 16.6.2015**
**KST-047/15**

| | |
|---|---|
| Dato: | 11.05.2015 |
| Vår referanse: | 15/694 |
| Arkiv: | FE-033 |

## Reglement for Jølster kontrollutval

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon " og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

### § 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørgje for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til kommunen, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal vere eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

### § 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar. Det skal veljast tilstrekkeleg med varamedlem. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf kommunelova § 17.

Ved val av medlemar og varamedlemar skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggast vekt på å få medlemar og varamedlemar med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jf kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

**§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang**

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørgje for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje uttale til årsrekneskapen for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggast fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørgje for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørgje for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til kommunestyret.Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

**§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang**

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemar.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggast til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemane, varamedlemane, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen og sekretariatet.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse, telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen, eller den han utpeikar i kommunen, kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

**§ 5 Møte- og talerett**

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som kommunen eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

### § 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggast til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

**Sekretariatet sine oppgåver**
Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

### § 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet kan evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov.
Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

**_SEKOM-sekretariat_** **Notat**
_www.sekom.no | post@sekom.no_

**Vedteke av kommunestyret 16.6.2015**
**KST-047/15.**

| | |
|---|---|
| Dato: | 11.05.2015 |
| Vår referanse: | 15/695 |
| Arkiv: | FE-033 |

## Reglement for høyring i Jølster kontrollutval

### § 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og kommunestyret sitt informasjonsbehov i kontrollsaker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

### § 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventing om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuande møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuande møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

### § 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan kallast inn direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den innkalla, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.
2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggast ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unnatak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

## § 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemane i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølgje dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemane skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

## § 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf koml § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til kommunestyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.

# Kontrollutvalet

2015 – 2019

Oppstartmøte

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Målet i dag…

- Gi dykk som er folkevalde i kontrollutvalet ein god start på 4-årsperioden..
  - Bli kjende med kvarandre
  - Gi ein introduksjon om kontrollutvalet sin funksjon
  - Nokre tankar frå sekretariatet om utvalet sitt arbeid og funksjon
  - Introduksjon frå revisor
- Kom gjerne med innspel og spørsmål under vegs!

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# SEKOM-sekretariat

- Sekretariatet er <u>kontrollutvalet sitt organ</u> for saksførebuing, utgreiing og oppfølging av saker.
- Sekretariatet er <u>uavhengig både av revisor og kommuneadministrasjonen</u>.
- SEKOM-sekretariat er kontrollutvalssekretariat for 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn.
- Vi er 2 tilsette som deler på sekretariatsfunksjon og andre oppgåver:
  – Dagleg leiar Arnar Helgheim har hovudansvaret for kontrollutvala i
    - Bremanger, Gaular, Flora, Hornindal, Hyllestad, Naustdal og Stryn. Har også ansvar for sakshandsaming og oppfølging knytt til styret og arbeidsutvalet i SEKOM-sekretariat.

  – Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme har hovudansvaret for kontrollutvala i
    - Askvoll, Eid, Fjaler, Førde, Gloppen, Gulen, Jølster og Solund.



# Kva er eit kontrollutval?

- **Kontrollutvalet er kommunetyret sin reiskap for tilsyn og kontroll med kommunen si verksemd.**
  – Ein velfungerande eigenkontroll er med på å sikre effektiv og rett bruk av ressursane og styrkjer tilliten til kommunen.

  – Saman med kommunestyret, revisor og administrasjonen er utvalet såleis ein <u>viktig aktør</u> i kommunen sin eigenkontroll.

# Kontrollinjer frå kommunestyret

(Frå Kontrollutvalsboka)




SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Innhald i møta

- Handsaming av saker
- Informasjon om skriv og meldingar
- Oppfølgingsliste
- Informasjonssaker. Til dømes kan KU kalle inn rådmannen eller andre til å gi informasjon.
  - Kan vere både generell informasjon om saksfelt og konkret informasjon t.d. oppfølging av tilsyn.
- Synfaringar ved kommunale einingar, kommunale føretak, selskap mm?
- Møta vert avslutta med underskriving av møtebok.

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Møta i utvalet

- Sekretariatet avklarar saklista med leiar før utsending og den kjem til medlemane ca 7 dagar før møtet.
- Sakliste og møtebok ligg også på www.sekom.no/kontrollutval/.
  - Møteboka vert distribuert til medlemane pr e-post
- Gjennomføring av møta treng ikkje vere veldig formell, og det er rom for å «finne si eiga form».
  - Det bør vere tydeleg når ein byrjar på handsaming av ei ny sak, og sjølve avrøystinga.
- Gjennomføringa bør vere ryddig og oversiktleg også med tanke på eventuelle tilhøyrarar.

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Opne møte

- Kontrollutvalet sine møte er opne for alle som ønskjer (Same hovudregel som andre folkevalde organ).
  - Sjå meir om møte i KS-heftet «Møtet er satt».
- Eventuell lukking av møte må vedtakast i kvar sak og ha heimel i lovverket.
- SEKOM har laga rutine for handsaming av spørsmål om lukking av møte.
  - Sjå nettsida under «Til hjelp for kontrollutvala»

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Habilitet

- Det er medlemane sjølv som tek opp spørsmål om habilitet.
- Dette vert gjort straks leiaren har opna for handsaming av den aktuelle saka.
- Sjå rutiner med klipp frå lovheimlar på SEKOM si nettside («Til hjelp for kontrollutvala»)

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Sekretariatet si rolle i møta

- Syter for innkalling, sakliste og møtebok
  - Bidrar med praktisk hjelp og råd om framdrift, formalitetar osv.
  - Utvalet kan spørje den som representerer sekretariatet om råd og informasjon.
  - Sekretariatet ber også om ordet dersom vi trur det trengs til dømes avklaring av formalitetar.
- Sekretariatet prøvar å tilpasse vår medverknad i tråd med ønskjer frå kvart utval og gjerne etter drøfting med leiaren.

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Møterett i kontrollutvalet

- Revisjonssjef og ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet med heimel i kommunelova.
  - Revisjonssjef eller annan revisor vil som hovudregel delta i kontrollutvalet sine møte.
  - Sekretariatet meiner det er nyttig om ordførar også deltek på møta.
- Rådmannen vert innkalla i konkrete saker.
  - I overordna saker, møter rådmannen personleg (evt saman med andre), medan det i andre saker kan vere at andre møter på rådmannen sine vegner.
- SEKOM rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med ordførar og rådmann i starten av valperioden.

**SEKOM-sekretariat** *www.sekom.no | post@sekom.no*

# Revisor

- Kommunane sine revisorar er viktige kjelder og premissleverandørar i kontrollutvalet sitt arbeid.
- Kommunane i SEKOM-sekretariat sitt område, har 2 ulike interkommunale revisjonsselskap:
  - Kommunerevisjonen i Nordfjord i Gloppen, Eid, Stryn og Hornindal. Revisjonssjef Markvard Sunde
  - KRYSS Revisjon i ytre Sogn og Sunnfjord (11 kommunar). Revisjonssjef Terje Førde
- Begge selskapa leverer både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

**SEKOM-sekretariat** *www.sekom.no | post@sekom.no*

# Kontakt med kommunestyret / bystyret

- Sekretariatet rår til at kontrollutvalsleiar deltek i kommunestyret i saker frå utvalet.
  - Det er fint om leiaren får ordet først i slike saker for å seie litt om innhaldet i saka og kontrollutvalet si handsaming (avklar deltaking med ordførar).
  - Dette gir nyttig og god informasjon til kommunestyret, og det er med på å synleggjere kontrollutvalet.
- Kommunestyret kan også ønskje å gi tilbakemeldingar og signal til kontrollutvalet eller be om utfyllande informasjon.



# Opplæring og konferansar

- Det blir felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket tidleg i 2016.
- Sekretariatet og revisor legg opp opplæring gjennom perioden i samråd med utvalet.
  - Dette kan vere generell informasjon eller spesifikk kunnskap innan avgrensa område.
- Sekretariatet rår til at ein eller fleire frå utvalet deltek på årlege konferansar for kontrollutval. Dei mest aktuelle er
  - Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin årskonferanse ca juni
  - Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) si kontrollutvalskonferanse ca februar.

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Til hjelp i utvalsarbeidet

- SEKOM si nettside: www.sekom.no !
- Menyen «Til hjelp for kontrollutvala» på SEKOM-sekretariat si nettside. Her finn de mellom anna
  - Kontrollutvalsboka (2011). KMD har lova oppdatert utgåve ca november 2015
  - Reglement for kontrollutvala
  - Lover og forskrifter
  - Rettleiarar
  - Informasjon frå SEKOM-sekretariat
  - Med meir

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Aktuelle saker i utvalet (1)

| | | | | Månad | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sak | Heimel | Merknad | KU si rolle | J | F | M | A | M | J | J | A | S | O | N | D |
| Møteplan | Kml § 77,8 og 9, Forsk k.-utval §19 | | Vedtak | | | | | | | | | | | | |
| Revisor si uavhengigheit | Kml §79, F.skr. rev. Kap. 6. | Kopi til kommunen som informasjon | Vedtak | | | | | | | | | | | | |
| Årsmelding kontrollutval | Kml § 77,6 | | Tilråding | | | | | | | | | | | | |
| Budsjett kontroll og tilsyn | F.skr.k-utval § 18 | | Tilråding | | | | | | | | | | | | |
| **Rekneskapssaker** | | | | | | | | | | | | | | | |
| Årsrekneskap | Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2 | | Uttale | | | | | | | | | | | | |
| Rekneskap KF, fond, m.m. | Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2 | | Uttale | | | | | | | | | | | | |
| Rekneskapsrevisjon - info om revisjonsplan | | Kontr.utv.handboka side 128 | Info/drøfting | | | | | | | | | | | | |
| Rekneskapsrevisjon - gjennomgang | | Kontr.utv.handboka side 128 | Info/drøfting | | | | | | | | | | | | |
| Prosjektrekneskap | Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2 | Sjå kvar kommune sine økonomireglar | Uttale | | | | | | | | | | | | |

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Aktuelle saker i utvalet (2)

**Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Overordan analyse | F.skr. k-utval §10. Min. 1 gong i perioden | Grunnlag for planar: Forv.rev og selsk.kontr. | |
| Plan forvaltningsrevisjon | F.skr. k-utval §10 Min. 1 gong i perioden | | Tilråding |
| Val av prosjekt forvaltningsrevisjon | Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev. | Delegert i plan for forvaltningsrevisjon | Vedtak |
| Rapport forvaltningsrevisjon | Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev. | | Tilråding |
| Plan selskapskontroll | F.skr. k-utval §13 Min. 1 gong i perioden | | Tilråding |
| Val av prosjekt selskapskontroll | Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6 | Delegert i plan for selskapskontroll | Vedtak |
| Rapport selskapskontroll | Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6 | | Tilråding |
| Andre revisjonsrapportar | | | Tilråding |

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Aktuelle saker i utvalet (3)

**Skriv og meldingssaker**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Skatterekneskapen | | | |
| Årsrapport SEKOM | | | |
| Årsrapport revisjonsselskap | | | |
| Tertialrapport / kvartalsrapport | | Til info etter hands. i kommunestyret | |
| Oppfølgjingsliste | | Oppdatert for kvart møte | |
| Tilsynsrapportar Fylkesmannen | | Til informasjon og evt. Oppfølging | |

**Andre saker som kan vere aktuelle**

| | | | |
|---|---|---|---|
| KU kan ta opp andre saker | | | |
| Generalforsaml. / repr. skapsmøte komm. | Kml . §80. | | |
| Oppfølging revisjonsmerknader | Forskr. Rev. §4, F.skr. k-utval §8 | | |
| Orienteringar frå revisor | | Utvalet kan etterspørre | |
| Orienteringar frå rådmann eller andre i | | Utvalet kan etterspørre | |
| Opplæring / fagleg påfyll kontrollutval | | Utvalet kan etterspørre | |

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Meir om kontrollutvalet..

- **25.1.2016 på Skei (Thon Hotel Jølster):**
  - Felles opplæring for alle kontrollutvala i Sogn og Fjordane
- Arrangør
  - Sogn og Fjordane Kommunerevisorforening
- Vi håpar alle kontrollutvalsmedlemane har høve til å delta på samlinga!

*SEKOM-sekretariat* *www.sekom.no | post@sekom.no*


Personalstaben i KRYSS Revisjon
oktober 2015
Styreleiar i KRYSS Revisjon,
Trygve Jacobsen (H, Førde)
Nestleiar i
Styret,
Jorunn
Ringstad
(SP,
Askvoll)
Dagleg leiar/
Revisjonssjef
Terje Førde
Nestleiar /
Revisjonssjef forvaltning
Charles Litsheim


KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – 11 deltakarkommunar
Arb.utval, 5 repr.
Styret, 11 repr.
1 repr. frå kvar av deltakarkommunane
11 kommunar
11 Overformynderi
Skatterekneskap/
Skatteoppkrevaren
Dagleg leiar/Revisjonssjef Terje Førde
Revisjonssjef Forvaltning Charles Litsheim
Forvaltningsrevisor Stig Årdal
Årsbudsjett
ca. 8,6 mill.kr.
( sjølvkost )
8 årsverk
Hovudkontor i Førde kommune
11 Kyrkj Fellesråd
Interkommunale
Selskaper
Kommunale føretak
Særbedrifter
Stiftingar, Legat, m.m.
(Terje Førde)
Charles Litsheim
Stig Årdal
Kari Sygna
Asgeir Tveit
Regionskontor i Hyllestad
Regionskontor i Flora
Deltakarkommunane: Askvoll,
Bremanger, Fjaler, Flora,
Førde, Gaular, Gulen,
Hyllestad, Jølster,
Naustdal, Solund
Aud Marit Nyland Eide
Torill Nordstrand
(Terje Førde)
Trine Vokuhl
KRYSS Revisjon, pr. 15. okt. 2015
2

Riksrevisjonen




# Norges Kommunerevisorforbund

## Sogn og Fjordane Kommunerevisorforeining

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

## Kommunerevisjonen i 11 kommunar i Ytre Sogn og Sunnfjord

Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde
Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund

# KRYSS Revisjon

**Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – 11 deltakarkommunar**

(Politisk styrD - Budsjettkopla/Sjølvkost/Non-profit-basert - Samarbeidsavtale - Forskrifter/Vedtekter)



# Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord




# SAMARBEIDSAVTALE

**mellom**
**kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn**
**om**

## REVISJONSTENESTER

\---

**Interkommunalt samarbeid; Kommunelova § 27 :**

## ”Kommunerevisjonen for kommunane i Ytre Sogn og Sunnfjord” ”KRYSS-REVISJON”

**1**

Kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster Naustdal og Solund er samde om å opprette eit felles revisjonsdistrikt som skal førestå kommunane med revisjonstenester .

Det blir oppretta eit interkommunalt samarbeid i samsvar med Kommunelova § 27, der dei noverande 3 revisjonseiningar, Ytre Sunnfjord Revisjonsdistrikt, Indre Sunnfjord Distriktsrevisjon, og Ytre Sogn Distriktsrevisjon, inngår, og der det også vert åpna for at andre kommunar og interkommunale samarbeid kan slutte seg til.

Samarbeidet skal vere operativt frå og med 01.01.2005.

**2**

Deltakarkommunane forplikter seg til å delta i samarbeidet i minimum 5 år; - fram til 31.12.2009. Oppseiingstida er 12 månader og avtalen kan tidlegast seiast opp 31.12.2008.

**3**

Det er deltakarkommunane sin føresetnad at samarbeidet vert drive slik at deltakarkommunane får dekka sine revisjonstenester på ein effektiv måte, med fagleg dyktigheit og til gunstig pris.

**4**

Som grunnlag for drift av samarbeidet overfører deltakarkommunane dei ressursar som i 2004 vert brukt i kvar kommunen til drift av distriktsrevisjonseiningane, med fråtrekk av dei ressursar som i samband med omorganiseringa, vert overført til eit sideordna samarbeid for sekretariatstenester for kontrollutvala. For øvrig regulerer Samstyret ressursbehovet innafor rammene som er gjeve i vedtektene.

*Samarbeidsavtale, Kommunerevisjonen for kommunane i Ytre Sogn og Sunnfjord, 02.12.2004*

2

**5**

Deltakarkommunane sine rettigheiter og plikter for øvrig vert regulert i vedtektene for samarbeidet.

Dato: 2. desember 2004

**(( underteikna av samtlege deltakarar ))**

Askvoll kommune — Bremanger kommune — Fjaler kommune

Flora kommune — Førde kommune — Gaular kommune

Gulen kommune — Hyllestad kommune — Jølster kommune

Naustdal kommune — Solund kommune




# Sentralt i forholdet KU og Revisor:

## Drifta av revisjonssamarbeidet:

①Samarbeidsavtalen
②Vedtekter
③Årsbudsjett og Årsoppgjør – solidarisk ansvar 11 kommunar imellom
④ Politisk styrd og politisk kontrollert ordning; interkommunalt

## Tilsyn og kontrollordninga i kommunen:

☞Engasjementsbrev
☞Uavhengigheitserklæringar
☞Revisjonsplaner
☞Internasjonale revisjonsstandarder
☞Årsoppgjera til kommunane m/Revisjonsberetningar
☞Revisjonsuttale, særattestasjonar, stadfesting økonomisk informasjon
☞Revisjonsrapportar
☞«Nummererte brev»
☞Forvaltningsrevisjonsrapportar
☞Irregulære forhold, mislegheitssaker
☞Revisor møter i Kontrollutvalsmøta
☞ Eksterne kvalitetskontrollar av revisor, rapportar føreleggast Kontrollutvala

# § 76. Kommunestyret / Bystyret sitt tilsynsansvar

- **Kommunestyret/Bystyret** har **det øverste tilsynsansvar** med heile den kommunale forvaltninga
  - Skal påsjå at dei kommunale rekneskapar blir revidert på ein betryggande måte



**Kontrollutvalet**

☞ ei sentral rolle

9

# Kontrollutvalet sin rolle

*Løyforarbeidene - innføring av kontrollutvalet*



- ***"Kontrollutvalet sine oppgåver ligger i funksjonen som tilsyns- og kontrollorgan. Det innebær at dette organet skal påsjå at organisasjon, saksførebuing og beslut-ningsprosess i dei politiske organ og administrasjonen fungerer på ein måte som garanterer oppfylling av alle faglege krav og ivaretek grunnleggande retts-sikkerheitsomsyn overfor kommunen/ fylkeskommunen sine innbyggjarar og andre som blir berørt av vedtaka". (Ot.prop. Nr. 42 (1991-92), s. 196 - Kom.loven)***

10

# Kontrollutvalget sitt påsjå-ansvar ved rekneskapsrevisjon

- Påsjå at rekneskapen blir revidert på ein betryggande måte
- Påsjå at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning
- Må innebære eit påsjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor
- Korleis?
- Ingen standard på korleis dette skal vere i den enkelte kommune («veileder» NKRF)



11




12

# Den gode dialogen




**Jamnleg og god dialog mellom revisor og kontrollutvalet**
**Arena: I KU-møtene**
**(Revisor sin møte og talerett i KU-møtene)**



| Aktør | Oppgåve |
|---|---|
| Kommunestyret<br>Koml § 76 | •Det øverste tilsyn med heile den kommunale forvaltninga |
| Rådmannen<br>Koml § 23 | •Saker forsvarleg utgreidde<br>•Vedtak blir iverksett<br>•Adm. i samsvar med lov, forskrift, instruks<br>•Adm. gjenstand for betryggande kontroll |
| Kontrollutvalet<br>Koml § 77 | •Det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Påsjå at det blir utført :<br>–rekneskapsrevisjon<br>–forvaltningsrevisjon<br>–Selskapskontroll/eigarskapskontroll |
| Sekretariatet<br>KU F § 20 | •Saker til KU forsvarleg utgreidd<br>•Vedtak gjort av KU blir iverksett |
| Revisjonen<br>Koml § 78 | •Utføre og rapportere RR og FR i samsar med god kommunal revisjonsskikk |

15

KRYSS Revisjon, KST Hyllestad 6. sept. 2013

# Kommunen – vår viktigaste velferdsprodusent - frå vugge til grav

- Familie/-planlegging
- Jormor
- Helsestasjon
- Primærhelseteneste
- Barnehage
- Grunnskule / SFO
- Barnevern
- Ungdomsarbeid
- Sosialteneste
- Kultur
- Arealplanlegging
- Byggjesaker
- Kommunale vegar
- Vatn- og kloakk, renovasj
- Brannvern, skog, landbruk
- Heimetenestene
  - Heimehjelp
  - Heimesjukepleie
- Omsorgsbustader
- Aldersheim / Sjukeheim
- Kyrkje/Kyrkjegardar

# Ulike innfallsvinklar




KRYSS Revisjon, KST Hyllestad 6. sept. 2013

17




18




Utarbeiding av revisjonsplan
Grunnlag for revisjonsplan for kvart revisjonsområde
Kartlegging av intern kontroll/førebels vurdering av kontrollrisiko
Spesifikk vesentlegheitsvurdering
Utarbeiding av revisjonsprogram
Revisjonshandlingar
Avsluttande analytisk kontroll
Totalkonklusjon
REVISJONSBERETNINGA
Særattestasjonar / Konkrete revisjonsuttaler

Kontrollutvalet skal vere uavhengig og objektivt og skaffar seg overblikk over kommunen si verksemd !

KONTROLLUTVALET ER INGEN KLAGEMUR ELLER KLAGEINSTANS !




21

**SOGN OG FJORDANE KOMMUNEREVISORFOREINING**

## Invitasjon til dagsseminar/kurs

# Tilsyn og kontroll i kommunal sektor

Tid og stad:
**25. januar 2016, Skei Hotel, kl. 09:30 – 16:00**

Påmeldingsfrist:
**9. des. 2015**

**Pris** : **kr. 1 150,- (+ evt. overnatting rom/frokost frå 24.01.: kr. 995,-)**

**Forelesarar** : Tidlegare medlemmer av Kontrollutval, representant frå politisk leiing, administrasjonssjef og revisorar

**Målgruppe:** Medlemmer og varamedl. av kontrollutval, kontrollutvalssekretariata, ordførarar, rådmenn, kommunalsjefar/rådgjevarar, rekneskapsansvarlege, controller, økonomisjefar, revisorar/revisormedarbeidarar, forvaltningsrevisorar

**Innhald:**
*(Førebels program)*

**09:30 – 10:00 : Registrering, noko å bite i, kaffi og tea**

**10:00 – 10:30 : Opning, informasjon om kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane**
*v/revisjonssjef i Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Ingvar Linde*

10:30 – 11:00 : Kontrollutvalet og rekneskapsrevisjon *v/rev.sjef. Ingvar Linde*

**11:00 – 11:15 : Pause, kaffe, tea**

**11:15 – 12:00 : Oppgåver og ansvar, rolledelinga mellom politikk, administrasjon, revisjon** *v/revisjonssjef i KRYSS Revisjon Terje Førde*

**12:00 – 13:00 : Lunsj**

**13:00 –14:00 : Opplevingar og erfaringar frå kontrollutvalet**
**Kommunestyret sine forventningar til kontrollutvalet**
v/ tidlegare kontrollutvalsleiar i Lærdal og fylkestingrepresentant *Jan Olav Fretland*

**14:00 – 14:15 : Pause, kaffe, tea**

**14:15 – 16:00 : Forvaltningsrevisjon** ***v/Terje Førde, Arnar Helgheim*****, m.fl.**
- Overordna analyse og revisjonsplan
- Generelt om forvaltningsrevisjon
- Presentasjon av «case», lite prosjekt
- Presentasjon av «case», større prosjekt

Det kan bli juseringar i programmet…
Sogn og Fjordane Kommunerevisorforeining ønskjer deg vel møtt til kurs.


| | | *Tlf.:* | *Mob:* | *E-post:* |
|---|---|---|---|---|
| Leder: | **Ingvar Linde** | **57 65 63 39** | **95 06 29 28** | **Ingvar.Linde@sf-revisjon.no** |
| Kasserer: | **Torill Monsen** | **57 84 50 29** | **99 73 64 76** | **revisor@vagsoy.kommune.no** |
| Sekretær: | **Terje Førde** | **57 82 48 02** | **99 22 92 27** | **terje.forde@kryssrevisjon.no** |

**SOGN OG FJORDANE KOMMUNEREVISORFOREINING**

# PÅMELDING

*til dagseminar/kurs ”tilsyn og kontroll i kommunal sektor” på Skei 25. jan. 2016*

frå (kommune) …………………………………………………………

adresse …………………………………………………………

postnr/stad.: ………………………………………………………….

*som melder på disse deltakarane:* *Kryss av om overnatting frå 24.01.-25.01.16*

1. ………………………………………………………… ☐
2. ………………………………………………………… ☐
3. …………………………………………………………. ☐
4. ………………………………………………………….. ☐
5. ………………………………………………………….. ☐
6. ………………………………………………………….. ☐
7. ………………………………………………………….. ☐
8. ………………………………………………………….. ☐
9. ………………………………………………………….. ☐
10. ………………………………………………………….. ☐

Kryss av for den som skal ha overnatting frå 24.01. (overnatting m/frokost = tillegg på kr. 995,-)

**Betaling med kr 1 150,- per deltakar til kontonummer: 3700.14.33378**
**Påmeldingsfrist 9. desember 2015.**
**Påmeldinga er bindende.**

Dato: ………………………. Underskrift:…………………………………………………

*Arrangøren ber om skriftlig påmelding og denne sendes per e-post til:*
terje.forde@kryssrevisjon.no


| | | *Tlf.:* | *Mob:* | *E-post:* |
|---|---|---|---|---|
| Leder: | **Ingvar Linde** | **57 65 63 39** | **95 06 29 28** | **Ingvar.Linde@sf-revisjon.no** |
| Kasserer: | **Torill Monsen** | **57 84 50 29** | **99 73 64 76** | **revisor@vagsoy.kommune.no** |
| Sekretær: | **Terje Førde** | **57 82 48 02** | **99 22 92 27** | **terje.forde@kryssrevisjon.no** |

PROGRAM

# NKRFs Kontrollutvalgskonferanse

3-4 februar 2016

Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen

Hovedtemaer:

## Kontrollutvalget – viktig for tilliten >

## Flyktninger og integrering >

## Kommunelovutvalget – nesten ferdig >

To minikurs går parallelt med hovedprogrammet:

A. Intro – kontrollutvalg >

B. De sentrale momentene for å forstå kommunalt regnskap >

Målgruppe
Ledere/medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer og andre som er interessert i tilsyn og kontroll i kommunesektoren

Følg konferansen på Twitter: #ku16nkrf

www.twitter.com/nkrf

# Onsdag 3. februar

**Møteleder:** Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

**09.00** Registrering og kaffe + noe å bite i / utstilling

**10.00**
## Velkommen
- Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)



Foto: Torbjørn Tandberg/KMD

**10.10**
## Åpning
- Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner (H)

**10.30**
## Kontrollutvalget – viktig for tilliten til kommunal forvaltning
- Styreleder Gunn Margit Helgesen, KS
- Styreleder Per Olav Nilsen, NKRF

**11.30** Lunsj / utstilling

**12.45**
## Flyktningesituasjonen – hvordan lykkes med integrering?
- Ordfører Øivind Sand (Ap), Rælingen kommune
- En representant fra Flyktning- og inkluderingstjenesten i kommunen annonseres senere

**13.30** Pause / utstilling

**13.50**
## Kommunelovutvalget – nesten ferdig
- Utvalgsmedlem Trygve G. Nordby

**14.40** Pause / utstilling

**15.00**
## Kontrollutvalgets arbeidsmåte – praktisk erfaring
- Nestleder Rune Olsø (Ap), kontrollkomiteen, Trondheim kommune

**15.50** Pause / utstilling

**16.10 | 17.00**
## Annonseres senere

**19.30** Middag



– på vakt for fellesskapets verdier

# Torsdag 4. februar

**Møteleder:** (annonseres senere)

**09.00**

## Det vil alltid være risiko for korrupsjon i et tillitsbasert system

- Korrupsjonsforsker Tina Søreide, førsteamanuensis, Norges Handelshøyskole (NHH)

**10.00** Pause – utsjekking / utstilling

**10.30**

## Habilitetsbestemmelsene — sjelden rett fram

- Advokat Jostein Selle, KS Advokatene

**11.30** Lunsj / utstilling

**12.45**

## Samspillet mellom revisor og kontrollutvalget — hvordan oppnå de gode forvaltningsrevisjonene

- Seksjonsleder forvaltningsrevisjon Anders Svarholt, Østfold kommunerevisjon IKS og medlem av NKRFs forvaltningsrevisjonskomite

**13.30** Pause / utstilling

**13.50**

## Åpenhet vs. taushet i kommunal forvaltning

- Leder Siri Gedde-Dahl, Presseforbundets offentlighetsutvalg og journalist i Kapital

**14.45**

## Kåseri

- Kommentator Eva Nordlund, Nationen

**15.15 | 15.20**

## Avslutning

- Styreleder Per Olav Nilsen, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

**09.00** Minikurs A

## A. Intro - kontrollutvalg

! Begrenset antall plasser

(Målgruppe: Nye kontrollutvalgsmedlemmer)

- Seniorrådgiver Bodhild Laastad, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

*Innhold:*
- Rammeverk for tilsyn og kontroll i kommunal sektor
- Kontrollutvalgets formål, rolle og oppgaver

**12.45** Minikurs B **14.35**

## B. De sentrale momentene for å forstå kommunalt regnskap

! Begrenset antall plasser

(Målgruppe: Kontrollutvalgsmedlemmer)

- Daglig leder Åge Sandsengen, Kommunerevisjon IKS

*Innhold:*
- Det kommunale økonomisystemet
- Regnskapets oppbygging
- Grunnleggende prinsipper og de unike økonomiske sammenhengene – spesielt i balansen
- Anordningsprinsippet
- Resultatbegrepet

– på vakt for fellesskapets verdier







# NKRFs Kontrollutvalgskonferanse

3-4 februar 2016

## Påmelding

- Påmeldingsfrist: 17. desember 2015.
- Bindende påmelding skal skje via NKRFs nettsider
- Faktura vil bli tilsendt etter påmeldingsfristens utløp.
- Det tas forbehold om endringer i programmet.

## Avbestillingsbetingelser

- Avbestilling må skje skriftlig.
- Det vil ved avbestillinger etter påmeldingsfristens utløp kreves et gebyr på kr 500 til dekning av administrasjonsutgifter. Ved avbestilling senere enn en uke før konferansestart belastes 50 % av konferanseavgiften.
- Avbestilling ved legitimert sykdom behandles særskilt.
- Avmelding på konferansedagen, eller ev. uteblivelse, medfører full konferanseavgift.
- Ved hotellreservasjon kommer i tillegg ev. ansvaret overfor hotellet.
- Deltakelse kan ved behov overføres til en annen kollega.

## Konferansepriser*

- Deltakelse inkl. helpensjon: Kr 6 500 (ikke-medlemmer: Kr 6 900)
- Dagpakke (lunsj mm): Kr 5 300 (ikke-medlemmer: Kr 5 700)
  Prisene inkluderer dokumentasjon, lunsj, drikke til måltidene og servering i pausene.
- Ekstra overnatting m/frokost fra 2. - 3. februar 2016: Kr 1 300.

*) Deltakere fra kontrollutvalg i kommuner/fylkeskommuner hvor sekretærtjenesten ivaretas av virksomheter som er bedriftsmedlem i NKRF, oppnår medlemspris.

## Konferansehotellet

Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen

Ved behov vil også Comfort Hotel RunWay, som ligger rett ved siden av Clarion (og The Qube), bli benyttet til overnatting.

## Forhåndsgodkjenning

13 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning.

Velkommen på konferanse!

Norges Kommunerevisorforbund
Postboks 1417 Vika, 0115 Oslo
Telefon 23 23 97 00, post@nkrf.no, www.nkrf.no
www.twitter.com/nkrf (#ku16nkrf)

erling@erlingsdesign.no / 16.11.2015

faglig arena • nettverksbygging • inspirasjon

*SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang**<br>Jølster kontrollutval | **Møtedato**<br>07.12.2015 | **Saksnr**<br>031/15 |
|---|---|---|

| **Sakshandsamar:**<br>Audhild Ragni Vie Alme | **Arkiv:**<br>FE-033 | **Arkivsaknr.:**<br>15/512 |
|---|---|---|

## Møteplan 2016 for Jølster kontrollutval

**Vedlegg:**

**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Møteplan 2016 for Jølster kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:
29. februar
23. mai
23. september
8. november

25. januar deltek kontrollutvalet på felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket.
.

**Saksutgreiing:**
SEKOM-sekretariat har laga framlegg til møteplan for «våre» 15 kommunar. Møtetidspunkta er basert på erfaringar frå tidlegare år. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og hastar, eller andre årsaker. Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møtedato.

Våren 2016, vert arbeid med planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll viktige saker. Vi legg opp til at overordna analyse frå revisor ligg føre til møtet 29. februar. Overordna analyse vert så grunnlaget for vidare planarbeid. Dersom kommunestyret skal få handsama plan for forvaltningsrevisjon før sommarferien, må kontrollutvalet vedta planen i møte 23. mai.

Årsrekneskapen for Jølster kommune er truleg ferdig revidert til mai og kan då handsamast i møte 23. mai.

Vi har lagt utkastet til samla møteplan ut på www.sekom.no .

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Jølster kontrollutval | 07.12.2015 | 032/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Audhild Ragni Vie Alme | FE-033 | 14/387 |

## Oppfølgingsliste 4-2015

### Vedlegg:

### Tilråding:
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

### Saksutgreiing:
Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

| **Sak** | **Dato** | **Status** |
|---|---|---|
| 04/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak | 15.2.2010 | - Orientering om drifta på dei ulike områda<br>- Tertialrapportar.<br>- Tilsynsrapportar frå fylkesmannen<br>- Kvalitetsrapportar revisor<br>- Orientering frå revisor om revisjonsarbeidet(finans/generelt) |
| Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsrutinar Plan og Næring | 8.5.2013<br>12.9.2013<br>20.11.2013<br><br>12.9.2014<br>17.10.2014<br>4.12.2014<br>17.12.2014 | Sak 013/13 Val av prosjekt<br>Sak 018/13 Tinging<br>Sak 24/13 Prosjektplan<br>Leveringsfrist: september 2014<br>Sak 016/14 E-post om utsett levering til 1. november<br>E-post frå KRYSS Revisjon om utsett levering til 24. november.<br>KRYSS Revisjon levert forvaltningsrevisjonsrapport.<br>Sak 024/14 vedtak:<br>1. Kommunestyret tek rapport om revisjon av innkjøpsrutinar for Plan og næring i Jølster kommune til orientering.<br>2. Kommunestyret viser til konklusjonar og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor.<br>3. Tiltak skal gjennomførast i samsvar med framlegg frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik: Oppdatering av økonomireglement innan 1.7.2015. Utarbeide eige innkjøpsreglement innan 1.4.2015. |

| Sak | Dato | Status |
|---|---|---|
| | | Inngå fleire rammeavtaler gjennom SFFI løpande. Opplæring av tenesteleiarar og bestillarar i innkjøpsreglement og lovverk innan 1.7.2015.<br>4. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga/framdrifta til kontrollutvalet i møte i mai 2015. |
| | 18.12.2014 | Saka sendt Jølster kommune/kommunestyre for handsaming. |
| | 10.3.2015 | Handsama av kommunestyret sak 010/15 |
| | 19.5.2015 | Sak 015/15 Vedtak: Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om oppfølging etter forvaltningsrevisjon på innkjøpsrutinar i Jølster kommune, til vitande. Rådmannen vert kalla inn til neste møte 25. august for å orientere om oppfølginga/framdrifta.<br>Sendt vedtak/info om møtedato 24.september til rådmannen |
| | 25.9.2015 | Vedtak sak 024/15: Kontrollutvalet ber rådmannen informere på neste møte 9. november, om kva Jølster kommune har gjort i høve oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøpsrutinar Plan og Næring. |
| | 28.9.2015 | Sendt til Jølster kommune v/rådmannen |
| | 25.11.2015 | E-post til Jølster kommune v/rådmannen om at informasjonen vert tatt på 1. møte i 2016. |

<table>
<tr><th>Sak</th><th>Dato</th><th>Status</th></tr>
<tr><td>Forvaltningsrevisjon – Oppfølging av sjukefråvær</td><td>12.9.2014<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>15.9.2014<br>26.9.2014<br>17.12.2014<br>18.12.2014<br>22.4.2015<br>19.5.2015<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>16.6.2015<br>25.9.2015<br><br><br><br>28.9.2015<br>25.11.2015</td><td>Sak 017/14 vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tingar, Oppfølging av sjukefråvær, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS-revisjon.<br>• Formålet er å få kjennskap til om Jølster kommune har system for rapportering av sjukefråvær og oppfølging av sjukemeldte.<br>• Kontrollen skal avgrensast til kontroll av 2014.<br>• Leveringsfrist 1. mai 2015.<br>2. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte 11. november 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet.<br>Sendt til KRYSS Revisjon<br>Fått plan frå KRYSS Revisjon<br>Sak 025/14 Prosjektplan vart godkjent.<br>Sendt til KRYSS Revisjon<br>Fått rapporten frå KRYSS Revisjon<br>Sak 013/15 vedtak:<br>1. Kommunestyret tek rapport om forvaltningsrevisjon – Oppfølging av sjukefråvær, til orientering.<br>2. Kommunestyret viser til konklusjon og tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane, som vist til i punkt 3 nedanfor.<br>3. Tilrådingane skal gjennomførast i samsvar med framlegget frå rådmannen i kommentarar til høyringa slik:<br>Oppdatering av rutinar:
<table>
<tr><th>Rutine</th><th>Frist</th><th>Ansvar</th></tr>
<tr><td>Registrering av sjukefråvær Tieto</td><td>01.09.15</td><td>Tenestekontoret</td></tr>
<tr><td>Registrering av sjukefråvær skule</td><td>01.09.15</td><td>Tenestekontoret/skulane</td></tr>
<tr><td>Produksjon og utsending av refusjonskrav NAV</td><td>01.09.15</td><td>Kommunekassen</td></tr>
<tr><td>Oppfølging av refusjonskrav NAV</td><td>01.09.15</td><td>Kommunekassen</td></tr>
<tr><td>Oppfølging av sjukmelde</td><td>01.09.15</td><td>Tenestekontoret</td></tr>
<tr><td>Dokumentasjon av sjukefråværsoppfølging</td><td>01.09.15</td><td>Tenestekontoret</td></tr>
<tr><td>Ansvar og delegering sjukefråværsoppfølging</td><td>01.09.15</td><td>Tenestekontoret</td></tr>
<tr><td>Opplæring oppfølging av sjukmelde tenesteleiarar og andre som jobbar med sjukefråværsoppfølging</td><td>01.11.15</td><td>Tenestekontoret/<br>Rådmannen</td></tr>
</table>
Rutinar skal vere ein del av kommunen sitt kvalitetssystem.<br>Sendt til Jølster kommune/kommunestyret for handsaming<br>Handsama i kommunestyret KST-046/15<br>Vedtak sak 027/15 Eventuelt: Kontrollutvalet ber rådmannen informere på neste møte 9. november om kva Jølster kommune har gjort i høve oppfølging av Forvaltningsrevisjon – Oppfølging av sjukefråvær<br>Sendt til Jølster kommune v/rådmannen.<br>E-post til Jølster kommune v/rådmannen om at informasjonen vert tatt på 1. møte i 2016.</td></tr>
<tr><td>009/15 Møteplan 2015 for Jølster kontrollutval</td><td>26.2.2015<br><br><br>27.2.2015</td><td>Vedtak: Møteplan 2015 for Jølster kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:<br>26. februar, 19. mai, 25. august og 9. november.<br>Bestilt møterom for resten av året.</td></tr>
<tr><td>018/15 Tinging av overordna analyse</td><td>19.5.2015<br><br>20.5.2015<br>16.6.2015</td><td>Vedtak: Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Jølster kommune frå KRYSS Revisjon.<br>Tinging sendt til KRYSS Revisjon<br>Infobrev frå SEKOM-sekretariat om spørjeundresøking til kommunestyret og kontrollutvalet i høve overordna analyse, vart referert i kommunestyret av kontrollutvalsleiar.</td></tr>
</table>

<table>
<tr><th>Sak</th><th>Dato</th><th>Status</th></tr>
<tr><td>019/15 Tinging av eigarskapskontroll</td><td>19.5.2015<br><br><br><br><br><br>20.5.2015<br>24.11.2015</td><td>Vedtak: Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå KRYSS Revisjon.<br>1. Har Jølster kommune eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?<br>2. Har Jølster kommune rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?<br>Tinging sendt til KRYSS Revisjon<br>Fått rapport frå KRYSS Revisjon,vert handsama på 1. møte i 2016</td></tr>
<tr><td>025/15 Budsjett for Jølster kontrollutval 2016</td><td>25.9.2015<br><br><br><br><br><br><br><br>28.9.2015</td><td>Vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:<br><table>
<tr><th>Konto</th><th>Tekst</th><th>2016</th></tr>
<tr><td>10800</td><td>Godtgjersle folkevalde</td><td>30 000</td></tr>
<tr><td>10990</td><td>Arbeidsgjevaravgift</td><td>3 500</td></tr>
<tr><td>11500</td><td>Opplæring/kurs/seminar</td><td>20 000</td></tr>
<tr><td>11600</td><td>Reise- og kostgodtgjersle</td><td>7 000</td></tr>
<tr><td>11959</td><td>Kontingent FKT</td><td>1 500</td></tr>
<tr><td></td><td>Drift</td><td>62 000</td></tr>
</table>Sendt Jølster kommune/kommunestyret for vidare handsaming</td></tr>
</table>

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Jølster kontrollutval | 07.12.2015 | 033/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Audhild Ragni Vie Alme | FE- | 15/514 |

## Eventuelt

**Vedlegg:**
Ingen vedlegg i saka.

**Tilråding:**
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*